

Årsmelding 2025

Rauma kommune

<https://pub.framsikt.net/2025/rauma/mr-202512-rauma>



Kommunedirektøren sin kommentar

Medarbeidarane i Rauma kommune er eg veldig stolt av. Dei møter innbyggjarane våre i kvardagen og bidreg med gode og tilpassa tenester. Eg ser at dei står i mange krevjande situasjonar, særleg når tenestemråda opplever eit krysspress mellom behov og tildelte rammer. I 2025 såg vi at netto avvik i frå opphavleg budsjett på driftsområdene vart eit meirforbruk på 30 millionar kroner, og etter regulering vart endeleg avvik i frå budsjett 10 millionar kroner. Dette vart balansert av høgare sentrale inntekter knytt til skattar og rammeinntekter. Av opphavleg avvik var 9 millionar grunna varig auke i rammetilskot frå regjeringa. Og sjølv om vi framleis er sårbare med lågt dispensasjonsfond, er det en seier at vi også i 2025 kunne sette midlar til sides for tøffare tider. Det tyder på mykje godt arbeid.

Gjennom året er netto lånegjeld redusert frå 99,5 % til **94,7 %** av brutto driftsinntekter, og disposisjonsfondet er auka frå 1,6 % til **2,2 %** av inntektsramma vår. Det er likevel min jobb å minne om at vi framleis er i ein økonomisk situasjon med betydeleg gjeld, og at vi framleis har eit stykke att før vi når målet vårt om eit gjeldsnivå på landsnittet, som er 88 %. God styring av økonomien vil difor framleis vere ei prioritert oppgåve, og i organisasjonen vil vi halde fram det gode arbeidet med sikring av berekraftige tenester for framtida innanfor dei budsjetttrammene vi har.

I tillegg til arbeidet med økonomi og berekraftige tenester, vil vi framover arbeide for meir med medarbeidarane sitt arbeidsmiljø. Vi merker allereie at det er mangel på arbeidskraft, og at vi må bruke meir ressursar på rekruttering. Ein attraktiv arbeidsgjevar må ha merksemd både på arbeidsmiljøet og på dei konkrete arbeidsforholda i organisasjonen vår.

I skrivande stund er utkastet til Samfunnsplan ute på høyring. Administrasjonen er ivrige etter å få starte arbeidet med arealdelen av kommuneplanen, og vonar det kan bli i løpet av hausten 2026. Heilskapleg ROS er også ei prioritert oppgåve framover.

Den økonomiske handlingsregelen kommunestyret har vedteke, krev tøffe prioriteringar, men det er godt å sjå at vi når resultatmåla våre. Det er også gledeleg at vårt heileide selskap, Rauma Energi AS, bidreg positivt til fellesskapen med eit utbyte på 6,5 millionar kroner i 2025. Samstundes ser vi at næringsaktørane i Rauma er driftige og tiltaksame i arbeidet med utvikling, og for Rauma kommune er det ei viktig oppgåve å leggje til rette for denne utviklinga så godt som råd.

Det gode samarbeidet i lokalsamfunnet Rauma vil vere vår styrke også når vi står ovanfor tøffe prioriteringar i åra som kjem, for å kunne utvikle og sikre gode tenester også i framtida.



Beste helsing

Kirsti Welander

Kommunedirektør

Økonomirapportering drift

Vurdering av økonomisk stilling:

Rauma kommune har ein **tilfredsstillande, men sårbar økonomisk stilling** i 2025. Etter ein periode med systematiske kostnadsreduksjonar og snuoperasjonar etter store underskot i 2019 og 2020, vart kommunen utmeld av ROBEK-lista 24. juni 2024

Her er dei viktigaste punkta i vurderinga av den økonomiske stoda:

- **Driftsresultat:** Rekneskapen for 2025 viser eit **netto driftsresultat* på 10,2 millionar kroner**, noko som utgjer **1,1 %** av brutto driftsinntekter. Sjølv om dette er eit positivt resultat, ligg det under det nasjonale snittet for kommunane utanom Oslo som har eit samla netto driftsresultat på 2,1 % i 2025.
- **Gjeldsnivå:** Kommunen jobbar mot målet om å få netto gjeld ned på landssnittet, som er anslått til 88 %. I 2025 vart **netto gjeld redusert til 94,7 %** av brutto driftsinntekter, ein tydeleg nedgang frå 99,5 % i 2024 og 106,1 % i 2023.
- **Reserver og fond:** Rauma er framleis sårbar fordi **disposisjonsfondet berre utgjer 2,2 %** (20 millionar kroner) av driftsinntektene. Dette er eit stykke unna ambisjonen for 2030, som er å ha eit fond på 4 % (om lag 40 millionar kroner) for å kunne tåle renteendringar og uføreseie hendingar. Landssnittet i 2025 var på 12%, og vårt langsiktige mål er 7%.
- **Inntekter og utgifter:** Brutto driftsinntekter enda på **912,6 millionar kroner**, medan driftsutgiftene var på **898,8 millionar kroner**. Skatteinntektene (inkludert naturressursskatt) utgjorde 277 millionar kroner, noko som er ein auke på 13 % frå året før. Utbyttet frå **Rauma Energi AS** gav eit viktig bidrag på **6,5 millionar kroner** i 2025, og eigedomsskatten vart 45,5 millionar kroner. **Driftsutgiftene vart 49,7 millioner kroner høgare enn regulert budsjett**, men dette vart i hovudsak dekt inn av at dei **totale driftsinntektene vart 46,1 millioner kroner høgare** enn budsjettet. Sjå meir om avvika og oppfølging av økonomiske handlingsregler i eige kapittel.
- **Finanskostnader:** Kommunen har hatt ein sterk vekst i finanskostnader dei siste åra, og renteutgiftene i 2025 enda på **39,4 millionar kroner (der 3,4 millionar gjeld vidareformidlingslån), og avdrag på 39,6 millionar.**

Usikkerhetsmoment for 2026:

- **Låg økonomisk buffer:** Rauma har eit disposisjonsfond på berre **2,2 %** av driftsinntektene. Den låge reserven gjer kommunen svært **sårbar for uføreseie hendingar** eller svingingar i finansmarknaden,.
- **Krysspress i tenesteproduksjonen:** Det er eit vedvarande «krysspress» mellom målet om ein sunn økonomi og forventningane innbyggjarane har til gode tenester. I 2025 brukte tenestemråda i Rauma **49,7 millionar kroner meir enn regulert budsjett**, noko som i stor grad vart dekt inn av uventa høge sentrale inntekter. Dersom desse inntektene sviktar i 2026, vil eit slikt meirforbruk i tenestene true balansen i rekneskapen.
- **Vekst i ressurskrevjande tenester:** Nasjonalt og i Rauma ser ein ein sterk utgiftsvekst innan område som **barnevern** og **barnehagar**. I tillegg er auka etterspørsel etter helse- og omsorgstenester som følgje av befolkningsendringar ein langsiktig usikkerheitsfaktor. Det er også store utgifter og inntekter knytt til mottak av flyktingar, som vil variere med busetting.
- **Usikre inntektskjelder:** Skatteinntektene er tett knytte til dei generelle konjunkturane i samfunnet og skatte-tilpasningar.

Oppsummert viser rekneskapen balanse **utan regnskapsmessig merforbruk**. Likevel krev den låge fondreserve-graden at ein held fram med kostnadseffektiv drift og streng budsjettkontroll for å sikre langsiktig berekraft

*Netto driftsresultat er resultatet etter finanskostnader, men før avsetning til eller bruk av disposisjonsfond eller bundne fond, eller overføring til investering. Dette viktige nøkkeltalet viser kva kommunen har til disposisjon til **eigenfinansiering av investeringar og til avsetjing frå årets drift**. Vårt mål er 1,75% av brutto driftsinntekter, som er også det rådet som Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi gir.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskot	-302 006	-317 679	-321 849	-324 237	2 388	0,7 %
Inntekt- og formuesskatt	-241 136	-248 654	-265 354	-272 911	7 557	2,8 %
Eigedomsskatt	-44 529	-45 000	-45 000	-45 488	488	1,1 %
Andre generelle driftsinntekter	-14 196	-37 488	-38 273	-38 932	659	1,7 %
Sum Frie disponible inntekter	-601 867	-648 821	-670 476	-681 568	11 092	1,7 %

Skatteinntekter og rammetilskot Samla sett vart dei sentrale inntektene (skatt og rammetilskot) høgare enn budsjettert i 2025.

I 2025 har vi sett at veksten i skatt og rammetilskot nasjonalt har vore sterk, noko som også pregar Rauma sitt resultat.

- **Skatt på inntekt og formue:** Denne enda på **272,9 millionar kroner**, noko som er **7,6 millionar kroner meir** enn regulert budsjett.
- **Naturressursskatt:** Kommunen fekk **4,1 millionar kroner** i naturressursskatt.
- **Vekst i skatteinntekter:** Samla skatteinntekt (inntekt/formue og naturressurs) vart dermed **277,0 millionar kroner**. Dette er ein auke på **31,8 millionar kroner (13 %)** samanlikna med 2024, då tilsvarande inntekter var 245,2 millionar kroner.
- **Rammetilskot:** Det samla rammetilskotet enda på **324,2 millionar kroner**. Dette er **2,4 millionar kroner over** regulert budsjett. Innanfor dette utgjorde den statlege rammeoverføringa 310,1 millionar kroner, medan Rauma mottok 14,2 millionar kroner i løpande inntektsutjamning i frå andre kommunar.

Eigedomsskatt Eigedomsskatten gav kommunen totalt **45,5 millionar kroner** i inntekter, som er 0,5 millionar kroner meir enn budsjettert. Eigedomsskatt på næringsseigedomar er 7 promille, medan bustader og fritidsbustader har 4 promille. Fordelinga viser at skatten er ein viktig inntektspost frå både næring og private:

- **Næring og kraft:** Eigedomsskatt frå vasskraftanlegg utgjorde **12,7 millionar kroner**, medan kraftnett og annan næringsseigedom gav **12,0 millionar kroner**.

- **Bustader og fritidsbustader:** Skatt på bustader utgjorde **18,4 millionar kroner**, og skatt på fritidsbustader gav **2,3 millionar kroner**.

Utbyte og andre overføringar

- **Utbyte:** Kommunen fekk eit utbyte frå **Rauma Energi AS på 6,5 millionar kroner**, som var 0,5 millionar kroner over budsjett.
- **Integreringstilskot:** Som følgje av busetjing av flyktningar fekk kommunen **25,8 millionar kroner** i integreringstilskot i 2025.
- **Andre statlege overføringar:** Denne posten, som mellom anna kan inkludere rentekompensasjonsordningar og midlar frå Havbruksfondet, enda på **6,9 millionar kroner**, mot 6,2 millionar kroner året før.

Oppsummert bidrog sterke skatteinntekter og eit solid utbyte frå Rauma Energi til at dei totale driftsinntektene enda på **912,6 millionar kroner** i 2025. Dette var med på å dekkje inn meirforbruket i tenestemråda og sikre eit positivt netto driftsresultat.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-10 199	-9 800	-11 800	-10 708	-1 092	-9,3 %
Utbyte	-5 000	-6 000	-6 000	-6 500	500	8,3 %
Renteutgifter	39 534	39 500	39 500	38 809	691	1,7 %
Avdrag på lån	38 301	38 000	39 000	39 635	-635	-1,6 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	62 636	61 700	60 700	61 237	-537	0,9 %

Finansinntekter og utbyte

- **Renteinntekter:** Kommunens renteinntekter i 2025 vart **11,3 millionar kroner**, ein auke frå 10,8 millionar kroner i 2024. Sjølv om dette er ein auke frå året før, ligg det noko under det regulerte budsjettet, men **1,4 millionar kroner meir** enn det opphavlege budsjettet.
- **Utbyte:** Rauma kommune fekk eit utbyte på totalt **6,5 millionar kroner** i frå det heileigde selskapet **Rauma Energi AS**. Dette er ein auke frå 2024, då utbyttet var på 5,0 millionar kroner, og det ligg 0,5 millionar kroner over budsjettmålet.

Finansutgifter og avdrag

- **Renteutgifter:** Trass i ei auke i rentenivå, heldt renteutgiftene seg stabile på **39,4 millionar kroner** i 2025. Dette er ein marginal nedgang frå 2024 og ligg 0,1 millionar kroner under regulert budsjett.
- **Avdrag:** Kommunen betalte **39,6 millionar kroner** i avdrag på eksterne lån i 2025, ein auke frå 38,3 millionar kroner året før.

Særleg om formidlingslån (Husbanken)

- **Netto belastning:** Formidlingslåna gav ei netto utgift i driftsrekneskapen på **1,6 millionar kroner** i 2025 (renteutgifter på 3,4 millionar mot renteinntekter på 1,9 millionar). Dette stadfestar ein

trend der desse låna no krev netto dekning over drift, medan renteinntektene tidlegare dekte utgiftene.

Oppsummering Samla utgjorde **netto finansutgifter (inkludert avdrag)** ei belastning på **61,2 millionar kroner** for Rauma kommune i 2025. Dette er noko lågare enn belastninga i 2024, som var på 62,0 millionar kroner.

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0,0 %
Avsetningar til bundne driftsfond	9	0	0	8	-8	0,0 %
Avsetningar til disposisjonsfond	6937	6 081	6 081	5 976	105	1,7 %
Netto avsetnader	6946	6 081	6 081	5 984	97	-1,6 %

Rauma kommune hadde i 2025 eit **netto driftsresultat på 10,2 millionar kroner**. Dette resultatet legg grunnlaget for disposisjonane ved årsoppgjeret, der midlane vert fordelte mellom bunde fond og kommunen sitt frie disposisjonsfond.

Bundne driftsfond I løpet av året vart det gjort **avsetjingar til bundne driftsfond på totalt 10,8 millionar kroner**, medan det vart **brukt 6,6 millionar kroner** frå desse fonda. Dette gir ei netto avsetjing til bundne fond. Slike avsetjingar omfattar ofte «overskot» på sjølvkostområde (som vatn, avløp og renovasjon) eller øremerka statstilskot som ikkje er fullt ut brukte i løpet av året, og som difor må først vidare til seinare år.

Disposisjonsfond Eit sentralt mål i økonomiplanen er å byggje opp att disposisjonsfondet for å sikre reserver mot uføreseie hendingar og renteendringar. I tråd med resultatmålet for 2025 vart det **avsett 6,0 millionar kroner** (5 975 950 kroner) til disposisjonsfondet, og i 2024 vart det avsett 6,9 millionar kroner.

Etter denne avsetjinga utgjer disposisjonsfondet 20 millionar, som er **2,2 % av brutto driftsinntekter**. Sjølv om dette er ei positiv utvikling frå tidlegare år, er kommunen framleis i ein sårbar posisjon. Ambisjonen fram mot 2030 er å nå eit nivå på 4 % av driftsinntektene, noko som svarar til om lag 40 millionar kroner.

Årsoppgjerskonklusjon Rekneskapen for 2025 vart gjort opp i balanse **utan regnskapsmessig merforbruk** som må dekkjast inn i seinare år. Dette stadfestar at Rauma kommune er inne i ein stabil trend etter utmeldinga av ROBEK i 2024, men at det framleis er behov for systematiske avsetjingar i åra som kjem for å nå dei langsiktige måla for berekraftig økonomi

Personal og organisasjon

Rekruttering

Talet på kandidatar til stillingar som rettleiar, rådgjevar og liknande er framleis tilfredsstillande. Kandidatar innan fagområdet helse kan variere noko, institusjonsbaserte tenester har framleis dei største

utfordringane. Endring av arbeidstid verkar å ha ein positiv effekt, då fleire fortel at langvaktsturnus er ein motivasjon for å søke seg dit.

Talet på lærlingar som barne- og ungdomsarbeidar og helsefagarbeidarar er nedgåande, men det ser ut som det aukar no i 2026. Dei største rekrutteringsutfordringane finn vi knytt til stillingar som krev ein særskild spisskompetanse, til dømes innan Samfunn, i tillegg til pedagog i barnehage og barnehagelærarar. Dei fleste stillingane innan helse og oppvekst har lovfesta språkkrav, noko som ofte medfører at framandspråklege ikkje er kvalifisert.

Heiltid

Talet på kvinner tilsett i heiltidsstillingar har hatt ein jamn og positiv utvikling dei seks siste åra. Å auke andelen kvinner i heiltidsarbeid er ei viktig målsetting for Rauma kommune, både for å styrke kvaliteten på tenestene og for å sikre betre stabilitet og kontinuitet på arbeidsplassane. Ein fleksibel personalpolitikk står sentralt i dette arbeidet.

Blant tiltaka som er gjennomført for å styrke heiltidskulturen, er endringar i arbeidstidsordningane innan turnusyrka særleg viktige. Arbeidet med å fremje heiltidskultur er også forsterka gjennom etableringa av eit heiltidsprosjekt, som involverer både politisk leiing, administrasjon og tillitsvalte.

Samla sett viser resultatata at innsatsen har vore positiv: Talet på tilsette i heiltidsstillingar i kommuneorganisasjonen har auka frå 44,5 % i 2019 til 55,52 % i 2024. Denne utviklinga viser at målretta arbeid og strukturelle endringar innan personalpolitikk kan gje betydelege resultat og bidra til auka trivsel, betre arbeidsmiljø og høgare kvalitet på tenestene som kommunen tilbyr.

Viktige hendingar i 2025:

- Deltaking i nettverket framtidretta arbeidsgjevarpolitikk med oppstart av prosjektet Jobbsmaking. Korleis påverke utdannings- og yrkesval i eigen kommune
- Bruk av Internship med fokus på våre rekrutterings- og introduksjonsrutiner
- Tett samarbeid mellom Helse- og oppvekstlinja på Rauma vgs. og våre verksemder med fokus på varierte og interessante praksisplassar
- Rekrutteringspatruljen deltek på Utdanningsmesse, i tillegg til skulebesøk på ungdomsskole og VGS
- Utvida samarbeid med Rauma og Vestnes opplæringskontor i rekruttering av lærlingar, mellom anna tilbod om utveksling på Malta for HEA
- Bedriftspraksis i administrasjonen for elev ved Leiing og innovasjon, Molde VGS
- Tilbod om rom i bufellesskap for helsepersonell som vil arbeide i ferieavvikling
- Tilpassa sommarjobb -Jobbsmaking for ungdom 15-18 år fordelt på 36 stillingar i 8 ulike fagområde
- Tilpassa leiaropplæring, samt tilpassa jobbsøkarkurs på 10.trinn. Totalt 27 unge ble tilsett
- Tilrettelegging for Fagbrev på jobb for ufaglærte på fleire fagområde
- Tilbod om langvaktturnus i heiltidsstillingar på Rauma helsehus (tilbod om opp i 100 % stilling til alle medarbeidarar)
- Fokus på arbeidstidsordning og auka bruk av kompetanse gjennom oppgåvedeling i utlysingar innan helse- og omsorg
- Auka fokus på å behalde kompetanse i kommunen gjennom moglegheiter for varig omplassering ved helseutfordringar, samt utvida bruk av permisjonsreglementet ved ønske om å prøve ut eit anna område via vikariat i eigen kommune

- Auka samhandling mellom Nav Rauma og HR, med fokusområde mogleighetsrom for kompetente medarbeidarar med funksjonsnedsetting eller språkutfordringar. Assistent i helse, med mål om kursbevis som pleiemedarbeidar, er eit eksempel på dette
- Fokus på moglegheiter i unntaksbestemmingar (kvalifikasjonsprinsippet)
- Deltaking på jobb- og utdanningsmesser
- Fellesannonsering med næringslivet
- Avdelingsvis innlegg på Facebook tilknytt rekruttering for auka merksemd, og for å balansere negativt fokus i media
- LinkedIn innlegg for omdømmebygging og oversikt ledige stillingar
- Deltaking i Kompetanseløftet 2.0. – gevinstrealisering ved digitalisering og teknologi, med auka medviten kring yngre medarbeidarens forventningar til bruk av teknologi i jobb

Organisering i tenestemråde

Kommunen sine tenestemråde:



Organisering i kommunalområder deler opp en stor og kompleks kommune i mindre, mer håndterbare biter for å sikre en effektiv og oversiktig drift. Ved å gruppere tjenester etter fagfelt, sikrer man at oppgavene løses av folk med riktig spisskompetanse. Modellen gir tydelige ansvarslinjer for ledere og gjør det langt enklere å styre både budsjetter og personell i hverdagen. Til slutt sørger strukturen for at veien fra politiske vedtak til faktiske tjenester for innbyggerne blir så profesjonell og målrettet som mulig.

Kompetanseutvikling

Rauma kommune arbeider målretta med strategisk kompetansestyring. Målet med dette arbeidet er å sikre at kommunen til kvar tid har medarbeidarar med rett kompetanse, slik at ein kan tilby tenester av høg kvalitet. Kompetente medarbeidarar er avgjerande for kommunen si evne til å møte framtidige utfordringar knytt til tenesteproduksjon.

På bakgrunn av dette har alle verksemdene utarbeidd strategiske kompetanseplanar. Strategisk kompetansestyring omfattar systematisk kartlegging, planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak. Vi er no i gang med å utarbeide ein overordna rekruttering- og kompetansestrategi. Denne vil bli politisk behandla i 2026.

Vi samarbeider med Rauma og Vestnes opplæringskontor om kartlegging av ufaglærte medarbeidarar som kan ta fagbrev gjennom ordningane «Fagbrev på jobb» eller praksiskandidatordninga.

Årsmelding 2025

I tilknytning til jobbsmaking for ungdom under 18 år, vart det gjennomført eige leiarkurs i regi av lønn/HR for dei aktuelle leiarane som tok imot unge medarbeidarar sommaren 2025.

I samband med deltaking på Digi Møre og Romsdal, Kompetanseløft 2.0, vart det kartlagt låg gevinstrealisering av digitalisering i organisasjonen vår. I 2025 vart det arrangert eit dagars kurs med fokus på teknologistøtta læring for leiarar og HTV. Leiaropplæring vart gjennomført ved innføring av den digitale læringsplattformen MERkompetanse.

Digitalt grunnkurs i trygg bruk av KI er gjort tilgjengeleg for alle tilsette via Digi MR/Høgskolen Innlandet. Lønnsavdelinga gjennomførte kurset for leiarar ved overgang til heildigitalisering i tilsetjingsprosessen (EasyCruit).

Ei utvald gruppe helsepersonell deltok i utprøving av mikrolæring med tema Kunnskapsløft for helse, i eit samarbeid med KompetanseHub Romsdal og Patchskill. Prototypinga vart gjennomført som eit mogleg tiltak for å løyse utfordringa med låg digital modenheit blant helsepersonell.

Leiarar kan elles nytte seg av tilbod i kursportalen til KS Agenda, der dei fleste kurs er førehandsgodkjende for refusjon av OU-midlar.

I 2025 nytta kommunen om lag 1,55 millionar kroner til ulike opplæringstiltak, her inkludert løn til læringar.

Likestilling

Rauma kommune skal vere eit inkluderande samfunn der alle har like moglegheiter til å delta. Vi har eit sterkt fokus på å ta vare på våre tilsette og tek ansvar for å behandle alle rettferdig og likeverdig, uavhengig av funksjonsevne, kjønn, religion, politisk ståstad, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn.

Kommunen arbeidar aktivt, målretta og systematisk for å fremje likestilling og førebyggje diskriminering og utanforskap. Dette gjeld mellom anna i rekrutterings- og tilsetjingsprosessar, der vi sikrar gode prosessar for likestilling, inkludering og mangfald.

Rauma kommune sin lønspolitikk skal fremme og ivareta likestilling mellom kjønn og etnisitet. Løn og karriereutvikling skal vurderast ut frå kompetanse og ansvar, og ikkje bli påverka av til dømes kjønn.

Rauma kommune vurderer å gjennomføre ei kartlegging av likestilling og risiko for diskriminering dei neste åra. Undersøkinga vil mellom anna sjå på lønsforhold og ufrivillig deltid. Eventuelle naudsynte tiltak vil deretter vurderast og setjast i verk. Ufrivillig deltid vil òg bli sett i samanheng med arbeidet kring knytt til heiltidskultur og arbeidstidsordningar.

Samanliknbare tal er henta frå rapport i Visma BI:

År	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024*	2025*
Årsverk totalt	591	587	558	518	520	516	539,5	546
Tilsette totalt	778	775	696	636	637	625	653	652
Tilsette, menn	172	178	135	133	138	137	139	131
Tilsette, kvinner	606	597	561	503	499	488	514	521
Tilsette, heiltid totalt	331	345	352	337	341	333	351	362
Tilsette, heiltid menn	82	87	85	86	84	83	88	83
Tilsette, heiltid kvinner	249	258	267	251	257	250	263	279

Årsmelding 2025

Tilsette, deltid totalt	447	430	344	299	296	292	302	290
Tilsette, deltid menn	90	91	50	45	54	54	51	48
Tilsette, deltid kvinner	357	339	294	254	242	238	251	242
Brann deltid m.m.	36	36	0	0	0	0	0	0
Brannbefal (deltid)	4	4	0	0	0	0	0	0
Leiarar	48	48	47	50	50	50	57	56
Leiarar, menn	16	15	12	12	15	15	18	21
Leiarar, kvinner	32	33	35	38	35	35	39	35

* Tala for 2024 og 2025 viser status medio mars i 2025 og 2026. Det har ikkje vore mogleg å ta ut tal frå årsskifte.

Tilsette

- Talet på årsverk har auka frå 2024 til 2025. Bakgrunnen for det er mellom anna at kommunen har teke over eit BPA tilbod som tidlegare var privat
- Talet på tilsette ser vi har gått ned med ein person
- Når det gjeld tilsette er det ei klar overvekt av kvinner. Det viser seg særleg utfordrande for kommunane å rekruttere fleire menn inn i omsorgsyрка og barnehage
- Av kommunens totale tal på leiarar er det ca. 62,5% kvinner og 37,5% menn
- I kommunedirektøren si leiargruppe er tilsvarande tal ca. 67% kvinner og 33% menn.
- Rauma kommune nyttar i liten grad midlertidig tilsette. Unntaket er som hovudregel vikarar og tidvis prosjekttilsette
- Dei siste åra har det vorte nytta vikarbyrå særleg ved ferieavvikling i helse og omsorg

Figuren nedanfor viser talet på tilsette fordelt på alder og kjønn og er henta fra Visma BI (medio mars 2026).

Alder	Kvinner	Menn
<25 år	16	5
25-34 år	102	19
35-44 år	119	32
45-54 år	122	35
55-64 år	146	36
>64 år	16	4
Sum	521	131

- Det er størst skilnad på talet kvinnelege tilsette og menn i alderen 55-64 år
- Det er spesielt innanfor helse og omsorg at det er eit stor fleirtal kvinnelege tilsette sett opp mot menn

Diskriminering

Kommunen si tilrettelegging for at tilsette med nedsett arbeids- og funksjonsevne kan oppretthalde yrkesdeltakinga, er ein berebjelke i arbeidet for å fremje likestilling, inkludering og mangfald. Som arbeidsgjevar har kommunen eit særskilt ansvar for å sikre likeverdige moglegheiter for alle tilsette, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, etnisitet eller andre diskrimineringsgrunnlag.

Samstundes er det ei aukande utfordring at skjerpa kompetanse- og kvalifikasjonskrav i tenesteytinga avgrensar handlingsrommet for omplassering og tildeling av eigna arbeidsoppgåver. Dette skaper

komplekse dilemma som krev ei strategisk tilnærming til personalplanlegging, systematisk oppfølging og auka bevisstgjerung i organisasjonen for å motverke marginalisering og ekskludering.

Kommunen skal aktivt arbeide med førebyggjande tiltak, kompetanseheving og aktiv kulturbygging for å hindre strukturell diskriminering og sikre reell inkludering. Eit inkluderande arbeidsmiljø er ein føresetnad for å oppretthalde tenestekvaliteten og sikre gode arbeidsvilkår for alle medarbeidarar.

HMS

Helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet i Rauma kommune er heimla i Arbeidsmiljølova, særleg § 3-1 om systematisk HMS-arbeid, og i Internkontrollforskrifta. Kommunen nytta kvalitetssystemet Triangel fram til oktober 2025 og Compilo frå 18. oktober 2025 som system for registrering og oppfølging av HMS-avvik.

Systematisk registrering og handtering av HMS-avvik er nødvendig for å:

- avdekkje risikoforhold
- førebyggje skader og uønskte hendingar
- sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø
- ivareta lovpålagde dokumentasjonskrav
- skape læring og forbetring i organisasjonen

Frå 159 HMS-avvik i 2024 til 271 HMS-avvik i 2025 er auken på 112 avvik, som tilsvarar ein vekst på om lag 70 %. Dette er ei vesentleg endring, og auken framstår som både reell og positiv for kommunen. Den kan forklarast med fleire forhold:

1. Overgang til nytt system (Compilo) og auka synlegheit

Innføringa av Compilo hausten 2025 har:

- gjort avvikssystemet meir tilgjengeleg
- gitt tilsette betre opplæring gjennom MER-kompetanse
- senka terskelen for å melde avvik
- gitt fleire kategoriar for avviksmelding
- gitt tydelegare struktur og enklare registrering på mobil og PC

Dette bidreg til lågare terskel for å melde og dermed fleire meldte avvik.

2. Auka merksemd på HMS-rapportering

I forkant av systemskiftet og gjennom opplæringa vart kommunen sitt fokus på:

- internkontroll
- HMS-kultur
- betydninga av dokumentasjon

Dette har truleg ført til at hendingar som tidlegare ikkje vart registrerte, no blir melde inn.

3. Høg fullføringsgrad i 2025

Av 271 avvik vart 260 lukka, noko som viser:

- god leiingsoppfølging
- tydelege ansvarsforhold
- betre flyt i saksbehandlinga etter systemskiftet

Dette styrkjer kvaliteten på HMS-arbeidet og viser at kommunen tek avvika på alvor. Det er framleis viktig å løfte tematikken om avvik i HMS-gruppene framover. Å forstå kvifor tilsette eventuelt avstår frå å melde avvik, er avgjerande for å styrkje arbeidsmiljøet og sikre etterleving av lovverket. Samstundes er

det viktig å ha merksemd på korleis vi lukkar avvik i organisasjonen og at dette blir fylgt opp godt av leiar.

HMS-arbeidet er styrka, men det er framleis behov for kontinuerleg opplæring og dialog for å sikre at alle verksemdar har ein god og trygg rapporteringskultur.

Avvik HMS	Meldte avvik	Ikkje starta	Starta	Fullført
2020	112	78	8	26
2021	82	4	7	71
2022	72	28	5	39
2023	170	4	6	160
2024	159	11	7	141

Avvik	Meldte avvik	Under behandling	Fullført
2025 Triangel (før 18.okt)	150	1	149
2025 Compilo (etter 18.okt)	121	10	111
=	271	11	260

Bedriftshelsetenesta

BRA! Astero er kommunens leverandør av bedriftshelsetenester dei neste fire åra etter dei vann anbodet.

I tillegg til avtalte og bestilte leveransar av bedriftshelseteneste, har BRA! Astero gjennom året delteke på faste møter i Arbeidsmiljøutvalet (AMU), arbeida med kartlegging og risikovurderingar, gjennomført opplæringsseminar for tilsette innan vald og trugslar, levert tilskotet Ekspertbistand i samarbeid med NAV, prosessrettleiing, kurs i førstehjelp, arbeidsmiljøkartlegging, bistand med helsekontroll, bistand i gjennomføring av vernerunde med meir.

Miljø

Rauma kommune arbeider målretta for å fremje ei berekraftig utvikling som tek vare på både naturressursar, klima og livskvaliteten til innbyggjarane. Miljøomsyn er integrert i planlegginga, tenesteutviklinga og den daglege drifta i kommunen, og utgjør eit viktig grunnlag for langsiktige prioriteringar.

Gjennom året har kommunen hatt fokus på å redusere klimagassutslepp, effektivisere energibruken og fremje miljøvenlege løysingar i eigne verksemdar. Dette omfattar mellom anna tiltak innan energieffektivisering av bygg, auka bruk av fornybare energikjelder og tilrettelegging for miljøvenleg transport.

Rauma kommune arbeider òg aktivt med å ta vare på naturmangfaldet og sikre ei berekraftig arealforvaltning. Dette inneber mellom anna omsyn til biologisk mangfald i planprosessar, samt tiltak for å verne viktige natur- og friluftsområde.

I samarbeid med innbyggjarar, næringsliv og regionale aktørar har kommunen medverka til auka medvit om miljø og klima. Informasjonstiltak og lokale initiativ er viktige verkemiddel for å stimulere til meir berekraftige val i kvardagen.

Kommunen vil halde fram arbeidet med å styrkje miljøinnsatsen i åra framover, mellom anna gjennom vidareutvikling av klima- og miljøplanar, tydelege målsetjingar og systematisk oppfølging av tiltak.

Sjukefråværet

Sjukefråværet i Visma BI/HRM viser faktisk sjukefråvær og er ikkje ein bearbeida statistikk slik som den sentrale statistikken frå KS. Tala er henta ut ulikt i 2024 og ein har no harmonisert alle åra slik at det er på likt grunnlag.

År	Legemeldt fråvær	Eigemeldt fråvær	Samla fråvær
2020	7,70 %	0,79 %	8,49 %
2021	10,26 %	1,03 %	11,30 %
2022	8,26 %	0,70 %	8,96 %
2023	8,59 %	0,36 %	8,95 %
2024	8,09 %	0,84 %	8,94 %
2025	7,25 %	1,23 %	8,48 %

Rauma kommune har som mål å redusere sjukefråværet gjennom målretta arbeid, og har fastsett eit årleg måltal for samla sjukefråvær. For 2025 var sjukefråværet totalt på 8,48 %, noko som er ein nedgang frå 2024 og det lågaste sjukefråværet på lang tid. Dette er ei positiv utvikling og eit viktig steg mot kommunen sitt mål om eit sjukefråvær under 7 %.

Arbeidet med sjukefråvær og nærværarbeid har høg prioritet i kommunen, og er fast tema i arbeidsmiljøutvalet (AMU) og i møte med hovudtillitsvalde (HTV). Fleire tiltak er gjennomførte for å styrke organisasjonen sitt systematiske arbeid med sjukefråværsoppfølging. Her kan særleg nemnast auka merksemd rundt kommunen sine rutinar ved sjukefråvær, styrka opplæring av leiarar, og utvikling av ein rettleiar (hjelpemanager) i samarbeid med NAV. Arbeidsgiver forsøker å se på muligheten for intern omplassering ved varige helseutfordringar, og benytter permisjonsreglementet mer fleksibelt for å gi ansatte mulighet til å prøve alternative arbeidsplasser.

HMS-gruppene i dei ulike verksemdene er aktivt involverte i dette arbeidet, særleg med tanke på oppfølging av sjukefråværsrutinar og implementering av lokale tiltak. Vidare har AMU, leiarmøta og møter med hovudtillitsvalde (HTV) jamleg oppfølging av sjukefråværsutviklinga.

Arbeidsmiljøarbeidet omfattar også målretta innsats for å kartleggje og forstå årsakssamanhengar knytte til sjukefråvær. I samarbeid med IA-rådgivarar er det gjennomført egne fagdagar for leiarar og hovudtillitsvalde, med vekt på førebyggjande tiltak og identifisering av innsatsområde. I samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT) har ein også spissa prosjekt inn mot enkelte avdelingar.

Samla sett har desse tiltaka bidrege positivt til utviklinga, og arbeidet vil halde fram for å sikre at kommunen når målet om eit stabilt lågt sjukefråvær også framover.

Overtid, ekstrahjelp og vikarar

(Tal i millionar kroner, avrunda)

År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Overtid	5,8	7,6	9,3	8,4	8,0	7,9
Anna ekstrahjelp	9,2	6,3	5,7	7,3	9,3	7,8
Innleigd vikar	3,2	0,5	2,6	9,6	7,8	6,8
Sum	18,2	14,4	16,6	25,4	25,1	22,4
Løns- priskorrigert	22,6	17,2	19,9	27,5	26,1	22,4

Løns- og priskorrigert med deflator.

Om ein legg til grunn løns- og priskorrigerings, så er det største forbruket i 2023. 2021 var det året med lågast forbruk. Utviklinga dei siste to åra har vore positiv.

Bruken av overtid var størst i 2022 og har etter dette gått gradvis ned. Utviklinga er motsett knytt til anna ekstrahjelp som har auka fram til i 2024 men deretter redusert i 2025. Innleigd vikarar har variert frå år til år. Når ein ser på desse tala, så må ein sjå bruk av overtid, anna ekstrahjelp og innleigd vikarar samla. Samla sett viser då tabellen ei positiv utvikling frå 2023 til 2025 i kommunen sin ressursbruk.

Bakgrunnen i denne utviklinga er mellom anna mangel på kvalifisert arbeidskraft og at det er krevjande å bemanne opp småstillingar i turnus.

Den økonomiske statusen er nærare omtala under kvart kommunalområde.

Etiske retningslinjer

I følgje kommunelova § 14-7 bokstav d skal kommunen i årsrapporten gjere greie for tiltak som er iverksette, og tiltak som er planlagt iverksette, for å sikre ein høg etisk standard.

Formålet med kommunen sine etiske retningslinjer er å gi tilsette og folkevalde støtte og rettleiing til å handle forsvarleg og tillitsvekkjande i ulike situasjonar. Kommunen si verksemd skal vere prega av openheit og ærlegdom. Dette skal danne grunnlaget for tillit mellom kollegaer og mellom kommunen og innbyggjarane. Tilliten blir svekka dersom det oppstår mistanke om korrupsjon, lovbrøt, maktmisbruk eller liknande handlingar. I tillegg til dei krav som følgjer direkte av lover og forskrifter, har Rauma kommune derfor vedteke eigne etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette.

Rauma kommune sine etiske retningslinjer vart sist gjennomgått og reviderte av kommunestyret i 2022. Retningslinjene gir føringar for korleis tilsette og folkevalde skal utføre sine oppgåver på ein måte som styrkjer tilliten til kommunen. Desse retningslinjene bør reviderast i løpet av inneverande kommunestyreperiode. Etikk er som regel eit fast tema i politikaropplæringa, som vert gjennomført éin gong i kvar kommunestyreperiode.

Etisk refleksjon kan ha positiv effekt på arbeidsmiljøet, mellom anna når det gjeld rolleklarheit, handtering av rollekonfliktar og sosial støtte. Dette kan vidare bidra til helsefremjande arbeidsplassar og redusert sjukefråvær.

Som offentlig verksemd har kommunen krav på seg om å drive samfunnsansvarleg. Dette inneber ansvarleg forvaltning av ressursane til fellesskapet og ein open, transparent praksis. Rauma kommune har årleg kartlegging av transaksjonar med nærstående.

Kommunestyret vedtok 06.11.25 i PS-69/25, vedtok ny varslingsplakat og rutiner for varsling i Rauma kommune. Det ble da etablert eit eige varslingssekretariat med tilhøyrande rutiner.

I 2025 vart det motteke 10 varsel. Kommunen gjennomgår og følgjer opp alle varsel i tråd med gjeldande rutiner. Det er viktig å understreke at sjølv om ei sak er meldt inn som varsel, så kan det vere at arbeidsgjevar vurderer at det ikkje er eit varsel eller at ein vurderer at det er ein klage eller eit avvik.

Investeringar

Kommentarar til investeringsprosjekt 2025:

IKT-investeringer

Omtale: Den eine delen var knytt til lokal fornying og innkjøp av nytt IKT-utstyr i skulen, i klassesett. Det vart vedteke ein strategi for digitalisering i oppvekstområdet, som det vart prioritert innanfor i dette investeringsprogrammet. IKT-investeringane omfatta også fellesinvesteringar via ROR-IKT. Innkjøp av program til barnevernet ble også tatt som ein investering. I tillegg kom avlevering av papirarkiv og digitalisering av byggesaks- og landbruksarkiva våre. Dette gav meir effektive tenester. Det var òg avlevering som følgje av pålegg frå tilsyn. Økonomisk resultat: Balanse: Eit mindreforbruk på 290 000 grunna lågare kostnad til ROR IKT fellesinvesteringar, balanserte mot omlag tilsvarende meirforbruk på digitalisering av arkiv og oppvekst.

Kirkelig Fellesråd, tilskudd til investeringer

Investeringar i kyrkjer og kyrkjegardar vart i utgangspunktet vidareførte på same nivået i økonomiplanen, og ubrukte midlar i 2024 vart overførte til 2025. Prioriterte oppgåver var ombygging for installering av HC-toalett ved følgjande kyrkjer: Voll (1. prioritet), Hen (2. prioritet), Eid, Holm og Rødven. Investeringa var nødvendig for at kyrkjene skulle tilfredsstillе krava til universell utforming når det gjeld toalettforhold. For å få eit tilstrekkeleg budsjett vart prosjektet sett over to års rammer.

Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,8 millionar kroner. Tiltaka for kyrkjebygg vart ikkje gjennomførte som planlagt, på grunn av vakanse i kyrkjeverjestillinga. Nokre tiltak på kirkegårdar vart gjennomført.

Felles helse og omsorg inkl. elbiler

Som eit klimatiltak vart bensindrivne leasingbilar erstatta med innkjøpte elbilar. Dette gav også ei innsparing i drifta. Elbilar er først netto klimabesparande etter tre år, og difor var kjøp av slike betre enn leasing, der ein skiftar ut bil kvart tredje år. Det vart kjøpt inn tre bilar i 2025. I tillegg var det planlagt eit prosjekt knytt til velferdsteknologi, men investeringane her vart utsette til 2026. Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,5 millionar kroner knytt til velferdsteknologi.

Felles maskindrift

Løpande fornying av maskinpark og utstyr innan kommunalteknikk heldt fram i 2025. Det var planlagt å gjennomføre ei større investering i ny brøyte-/lastebil som erstatning for eksisterande køyretøy frå

2008. Dette køyretøyet har høge drifts- og vedlikehaldskostnader på grunn av hyppige feil og reparasjonar, noko som svekkjer brøyteberedskapen fordi kommunen ikkje har anna køyretøy som kan dekkje same funksjon.

I løpet av 2025 vart det klart at anskaffingsprosessen og leveringstida for ny lastebil ville ta så lang tid at investeringa måtte utsetjast til 2026. Som følgje av dette vart den planlagde investeringa i tre varebilar for 2026, med ei ramme på 2 mill. kr, framskunda og gjennomført i 2025. For å tilpasse dette økonomisk vart 1,5 mill. kr flytta frå 2025 til 2026. Ny investeringsramme vart dermed 2 mill. kr i 2025 og 3,5 mill. kr i 2026. Endringa fekk ikkje økonomiske konsekvensar for den samla investeringsramma for 2025 og 2026. Den totale ramma for dei to åra samla vart den same som opphavleg planlagt og vedteken, men investeringane vart fordelte annleis mellom åra.

Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,3 millionar kroner i 2025.

Forprosjekt svømmehall

Prosjektet vart starta opp i 2025 som eit klimasatsprosjekt, der målet var å kartleggje moglege klimatiltak tidleg i bygge- og anleggsarbeidet. Forprosjektet vart fullført i første kvartal 2026.

Rapportering skjer før sommaren 2026, og klimasatsmidlane vert utbetalt i 2026. Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,2 millionar kroner i 2025.

Oppgradering Leiktun barnehage

Leiktun er den eldste barnehagen i kommunen. Forprosjektet for oppgradering vart starta i 2025 og fullført i 2026. Byggestart kjem i neste planperiode. Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,3 millionar kroner i 2025, men budsjett på ansvar 2200.

Oppgradering Bygningsdrift

I 2025 vart det gjennomført ei rekkje oppgraderingsprosjekt ved kommunale bygg. Det vart installert nytt SD-anlegg på Rauma rådhus, noko som gav vesentleg betre styring av ventilasjon og varme. Sprinkleranlegget på Åndalsnes barneskole vart utvida, og lysanlegget på Åfarnes skole vart oppgradert til LED. Rauma helsehus fekk nytt vassbehandlingsanlegg. Det vart kjøpt inn varmepumpe til Rauma kulturhus; denne monterast i 2026. Uteområda ved Leiktun barnehage og Isfjorden skole vart oppgraderte, og det vart gjennomført separering av avløp og overvatn ved Åndalsnes svømmehall i samsvar med gjeldande og framtidige krav. Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,3 millionar kroner i 2025.

Øran verksted

Brannsikkerheita i bygget vart oppgradert i tråd med tilstandsrapporten. Uteområdet vart asfaltert, og det vart kjøpt inn nye vindauge som monterast i første kvartal 2026. Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,1 millionar kroner i 2025.

Bustader

Det vart anskaffa ein nødbustad og kjøpt ein bustad til utleie i Tegleverksvegen i 2025. Bustaden vart levert til Åndalsnes, og eigna tomt for plassering vart identifisert. Bygget er klart for montering, og plassering på tomta gjennomførast når tilhøva ligg til rette. Det vart òg starta eit prosjekt med omgjerung av to fellesrom til sjølvstendige leilegheiter. Prosjektet fullførast i 2026 og vil tilføre kommunen

bustadtypar som porteføljen i dag manglar. Økonomisk resultat: Netto meirforbruk på 2,3 millionar kroner i 2025 grunna manglande salsinntekter og tilskot som var budsjettert.

Bustadtomter

Den planlagte klargjering av tomter for sal i Frydenlund, vart utsett. Økonomisk resultat: Netto mindreforbruk på 0,4 millionar kroner i 2025.

Prestegårdstomta

Prosjektet vart skrinlagt. I staden vart det vedteke å ta i bruk tredje etasje på Rauma helsehus, der det skal etablerast 22 omsorgsbustader. Dette er eit ledd i å ta i bruk heile Helsehuset i tråd med kravet i frå Husbanken, der alternativet er å betale tilbake omlag 1,1 million kroner i mottatt tilskott per ubrukt rom.

Oppgradering/nyetablering av infrastruktur vegbelysning

Det vart i 2025 arbeid vidare med planlegging og prioritering av investeringar i vegbelysning. Bakgrunnen er krav om etablering av strømmåling på veglysnettet og eit aukande behov for oppgradering av eldre veglysanlegg både langs kommunale vegar og fylkesvegar. Store delar av anlegga har gammalt og utdatert materiell, og det er i mange tilfelle ikkje mogleg å få tak i reservedelar. Samstundes står det framleis att utskifting til LED-belysning på delar av det kommunale vegnettet, sjølv om alle HQL-armaturar med kvikksølv no er skifta ut.

Investeringsramma på 500 000 kr er avgrensa og dekkjer berre ein mindre del av det samla behovet. Oppgraderinga må difor gjennomførast stegvis over fleire år i planperioden. Dette gjeld særleg langs fylkesvegane, der det er eit stort etterslep etter fleire år med avgrensa utskifting i påvente av eventuell fylkeskommunal overtaking av anlegga. Etter at kommunen gjennom KS-vedtak PS-87/23 (02.11.2023) la til grunn vidare drift og vedlikehald av veglysanlegg langs fylkesvegar, er det også tydeleg at kommunen står overfor eit betydeleg investeringsbehov på dette området.

Investeringane i vegbelysning er nødvendige både for å oppfylle krav til måling og for å sikre stabil og trygg belysning langs vegnettet. Utan vidare oppfølging i komande økonomiplanar vil det vere risiko for fleire mørklagde vegstrekningar, særleg på fylkesvegnettet. Samstundes gir oppgradering til nyare LED-anlegg ein vesentleg gevinst i form av lågare energibruk og reduserte driftskostnader. Energibruken kan bli redusert med om lag 50 prosent samanlikna med eldre armaturar.

Økonomisk resultat: 0,2 millionar i mindreforbruk mot budsjett

Tiltak i tråd med hovudplan veg (oppgradering/rehabilitering/nyanlegg av veg, gang- og sykkelveg samt trafikksikringstiltak)

Lågare løyvingar enn hovudplana i seinare år har gitt avgrensa handlingsrom for større oppgraderingar av vegnettet, og særleg for etablering og forbetring av gang- og sykkelvegar og andre trafikksikringstiltak.


I 2025 vart det løyvd 2 mill. kr til tiltak i tråd med hovudplan veg. Ein vesentleg del av midlane, over halvparten av ramma, vart nytta i samband med det større VA-prosjektet i Storgata–Nesgata–Kamsvegen. Her fall tiltaka saman både med hovudplan for vatn og avløp og hovudplan veg. Dette

gjorde det mogleg å sjå arbeida i samanheng og gjennomføre ei meir heilskapleg oppgradering av gate- og vegareala. Tiltaka omfatta mellom anna ny vegoppbygging, fortau, oppstramming av kryss, betre gangforbindelsar og overgangfelt. Samordninga gav betre løysingar for både gåande, syklende og køyrande, og var samstundes meir kostnadseffektiv enn om tiltaka skulle ha vore gjennomførte kvar for seg på ulike tidspunkt.

Utanom dette prosjektet vart det også gjennomført andre mindre tiltak fleire stader i kommunen, mellom anna oppgradering av stikkrenner og utbetring av asfaltdekke. Samla sett har investeringane i 2025 bidrege til å betre standarden på delar av vegnettet, men investeringsnivået er framleis lågt samanlikna med det samla behovet som er peika på i hovudplan veg.

Økonomisk resultat: Balanse mot budsjett

Oppgradering bruer



Bruer vart frå 2025 skilde ut som eige investeringsprosjekt, med ei løyving på 3 mill. kr i 2025 og 3 mill. kr i 2026. Bakgrunnen er eit stort og aukande behov for oppgradering og rehabilitering av kommunale bruer, med eit samla investeringsbehov på omlag 75-100 millionar kroner. Det er langt meir enn handlingsregelen tillet på kort sikt. Prosjekta må derfor tas over fleire år med streng prioritering. Fleire av bruene har over tid fått redusert teknisk

tilstand, og konsekvensen av manglande investeringar kan vere nedsett tillate aksellast, auka driftsavgrensingar eller i verste fall stenging for køyretøy eller all ferdsel.

For enkelte område er brua er einaste tilkomst for busetnad, landbruk eller annan næringsverksemd. Det betyr store konsekvensar ved stenging. Eit slikt tilfelle er Remmem bru i Romsdalen. I 2025 var planen å starte oppgradering og utviding av Remmem bru. Prosjektet vart forseinka fordi det måtte avklarast forhold mot Nye Veier AS og Bane NOR, som har eigne vegprosjekt i nær tilknytning til brua. Anbudet vart difor lyst ut seint på hausten 2025, med tilbodsfrist rett før jul. Av løyvinga for 2025 vart om lag 350 000 kr nytta til prosjektering og arbeid med anbodskonkurransen. Resterande midlar, om lag 2 650 000 kr, vart overførte til 2026. Samla ramme for prosjektet Oppgradering bruer vart då 5 650 000 kr i 2026. Dette er midlar som kan brukast på ulike prosjekt, men Remmem og Grøttur er prioritert i økonomiplanperioden. Tilboda som kom inn ved årsskiftet viste at prosjektet ville bli dyrare enn lagt til grunn. Det lågaste av dei fem tilboda låg om lag 1,5 mill. kr over den disponible ramma. Konkurransen måtte difor avlysast. Det vil jobbast vidare med ei anna teknisk løysing og/eller finansiering.

Utfordringsbiletet for kommunale bruer er krevjande. Fleire bruer har dårleg teknisk tilstand og behov for oppgradering, mellom anna Vemora gang- og sykkelbru, Valved bru, Gamle Bø-brua og Skorgen bru, i

tillegg til fleire andre bruobjekt. Grøttør bru er likevel den av dei nemnde bruene som har dårlegast tilstand og er mest utsett, særleg ved flaum og isgang. Brua er difor høgt prioritert i vidare planlegging. Kammen gang- og sykkelbru er òg ei sak som har fått stor merksemd, men kostnadsnivået for reetablering er svært høgt samanlikna med fleire andre bruprojekt som administrasjonen vurderer som meir kritiske ut frå funksjon, beredskap og tilkomst. Økonomisk resultat: Balanse mot revidert budsjett

Skredsikring Skjelbostad, Innfjorden

Sjøelve rasvollen i det svært skredutsette området vart ferdigstilt i 2025, medan nokre mindre oppussingsarbeid blir gjorde i 2026. Det har gått fleire flaumskred i området, og hus har vorte tekne. Ras har gått over E136. Rasvollen sikrar busetnaden og opnar for framtidig utvikling av området. Dette gjeld moglegheiter for nybygg og for utvikling av eksisterande busetnad. Rasvollen sikrar òg området innanfor ein tryggleiksklasse som opnar for utvikling av næringsverksemd innan landbruk og for Grande Trevare. Distriktsdelen på 10% er finansiert som eit spleiselag mellom aktørar på Skjelbostad og kommunen, der den kommunale delen er stipulert til inntil 4 millionar kroner, medan NVE står for resten av finansieringa. Økonomisk resultat: Netto mindreforbruk på 0,8 millionar kroner i 2025, grunna redusert distrikts-del.

Sallys og teknikk i Trollstolen og Blåstolen (kino)

Kulturhuset ble bygd i 2007, og større utstyr er utslitt. Sallys med overgang til LED samt teknikk må byttes i Trollstolen. Lys i Blåstolen må også byttes med overgang til LED da eksisterende lys ikke lenger produseres. Teknikk vart skifta, medan lys vart utsett til 2026. Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,6 millionar kroner i 2025.

Det umulige huset

Tilskot til prosjektering og oppgradering av det gamle kinobygget til ungdomstiltak vart vedtatt i budsjett og økonomiplan. Det umoglege huset AS er eit veldedig selskap der kommunen eig 40 %, og skal leige bygget til ungdomsarbeid. Målet var å utvikle eit fleksibelt aktivitetshus i samarbeid med ungdom, med rom for både kreative og sosiale aktivitetar. Tilskotet kan likevel ikkje givast som investeringstilskot, men må løysast som auka husleige knytt til tilpassing av bygget som kommunen leier. Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,5 millionar kroner i 2025.

Instrumenter Rauma kulturskole

Rauma kulturskule har hatt eit stort etterslep når det gjeld instrument, med særleg mangel på piano, blåseinstrument og fiolinar. Det vart difor gjennomført innkjøp for å styrkje tilbodet. Mellom anna vart det kjøpt inn fleire kornettar, althorn, tenortrombonar og ein xylofon. Dette har bidrege til å betre kapasiteten og kvaliteten i undervisninga. Økonomisk resultat: Balanse

Friidrettsbane mm - kommunal andel av ÅIF prosjekt

ÅIF har bygd friidrettsbane og ny tribune og nærmiljøanlegg for å utvide aktivitetstilbodet. Rauma kommune sitt bidrag var tenkt å vere 1 mill. kr, tilsvarande om lag 8 % av investeringa. Etter revisor sin vurdering måtte tilskotet først i driftsrekneskapen, og ikkje som ein investering. Det ga eit meirforbruk på Kultur sin ramme. I tillegg vart det vedtatt og utbetalt eit likviditetslån på 2 mill. kr til forskottering av spelemidlar over 2–3 år. Økonomisk resultat: Meirforbruk på 1 million kroner.

Pumpestasjon Kammen bade plass

Prosjekt gjennomført. Økonomisk resultat: Netto mindreforbruk på 0,3 millionar kroner i 2025, grunna tilskotsmidlar og lågare kostnader enn budsjetter

Rehabilitering Isfjorden stadion

Oppgradering av grasmatta er utført i 2025. Økonomisk resultat: Balanse mot budsjett.

Ute-klasserom i Skolegård ÅBS

Uteklasserom i skulegarden ved ÅBS var planlagt finansiert med SFO-midlar over ein periode på 2–3 år. Oppstarten vart utsett til 2026. Økonomisk resultat: Mindreforbruk på 0,2 millionar kroner i 2025.

Tiltak innanfor sjølvkostområda

Ny hovudplan for vassforsyning, vassmiljø og avløp, vedteken våren 2023, dannar grunnlaget for prioriteringane innanfor områda. Eit nytt revidert EU-direktiv vil kunne få store konsekvensar for reinseløysingane i Isfjorden og på Åndalsnes. Dette inneber eit ekstra biologisk reinsetrinn ved anlegga. For å redusere kostnad og omfang på desse anlegga er det nødvendig å separere leidningsnett som i dag fører både kloakk og overvann, samt å oppgradere dette. Drikkevassforskrifta set krav til plan for utskifting av vassleidningsnett. Det er naturleg å fornye vassleidningar samtidig med utskifting av avløpsnett. Det blir lagt opp til ein utskiftingstakt på 1,5 % for VA-leidningar.

Det var òg planlagt etablering og oppgraderingar av reinseanlegg, kummar, leidningsnett og anleggsmidlar. Det blir opna for å ta over to nye private samvirkevassverk i planperioden. Utskifting av leidningsnett i Storgata–Kamsvegen vart ferdigstilt i 2025. Tiltaket har separert kloakk og overvann, slik at mengda som vert pumpa til reinseanlegget er tydeleg redusert. Faren for utslepp via overløp i periodar med kraftig nedbør er i praksis fjerna, og om lag 100 år gamle leidningar er erstatta med nye. Totalt er det lagt om lag 1700 meter nye overvann- og kloakkleidningar, samt om lag 1000 meter nye eller utskifta vassleidningar. Dette er i tråd med måla i hovudplanen. Som følgje av uforutsette grunnforhold vart det gjort budsjettjustering i 2025. Omfanget av arbeidet med vass- og avløpsleidningane har påverka vegoppbygginga i gatene. Det er samarbeidd med vegtenesta om utforming og kostnader knytte til vegoppgraderingane. Gatenettet framstår no som heilskapleg og oppgradert.

Sluttoppgjeret for reservevassinntak til hovudvassverket vart ført dette året, og reinseanlegget for Åfarnes vart sett i drift. Prosessen med overtaking av dei private vassverka Sandnes og Eidsbygda er sett i gang.

Økonomisk resultat: Balanse etter justert budsjett

Videreutlån husbanklån

Det vart lagt opp til pause i opptak av nye lån til vidareutlån i husbanken i 2025, med plan om å ta opp 14 mill. kr i 2026. Dette gjeld startlån som vert tildelte gjennom NAV kommunal. Grunna ubrukte lånemidlar frå tidligare år, vart det likevel lånt ut 3,4 millionar i 2025.

Egenkapitalinnskudd KLP

Årleg egenkapitalinnskott til KLP vart fakturert og finansiert som planlagt, og belasta investeringsfond.

Gjeldsrapport

Samandrag

Kommunen si gjelds- og finansforvaltning i 2025 har vore prega av eit framleis høgt rentenivå, trass i to rentekutt i løpet av året.

Rentekostnadene vart noko høgare enn budsjettert, men rentestrategien har samla sett gitt ein positiv effekt gjennom heile året, målt som reduserte rentekostnader samanlikna med pt-renta til Kommunalbanken.

Rentebindingstida er redusert samanlikna med året før, noko som isolert sett aukar renterisikoen. Samstundes vert refinansieringsrisikoen vurdert som låg. Likviditeten har vore tilfredsstillande, og kommunen unngjekk optak av likviditetslån i 2025.

Kommunen har etterlevd alle krav i gjeldande finansreglement.

Marknadsutvikling og rente

Norges Bank gjennomførte to rentekutt i 2025, frå 4,5 % til 4,0 %. Etter rentekuttet i september har styringsrenta vore uendra ut året.

Prisveksten frå 2024 til 2025 var på 3,1 prosent, målt ved årsveksten i konsumprisindeksen (KPI), og dermed over inflasjonsmålet (2 %). Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjerene (TBU) anslår ein prisvekst i 2026 på 3,2 prosent.

Norges Bank har signalisert at renta skal setjast opp på eit av dei næraste rentemøta. Prognosen for styringsrenta er oppjustert sidan desember og indikerer at renta stig til mellom 4¼ og 4½ prosent ved utgangen av året.

Rentekostnader

Rentekostnadene i 2025 vart 39,4 millionar, noko høgare enn budsjettert, hovudsakleg som følgje av eit vedvarande høgt rentenivå gjennom året mot eit venta fall i rentene. Det er venta at rentekostnadene vil auke ytterlegare i 2026, mellom anna som følgje av refinansiering av lån som i dag har gunstige rentevilkår samt rentehevingar.


Kommunen bør framleis prioritere å avgrense delen renteeksponert gjeld og halde investeringsnivået innanfor vedteken handlingsregel (låneopptak skal ikkje overstige det vi betaler i avdrag).

Vekta gjennomsnittrente

Figuren nedanfor viser vår vekta gjennomsnittrente samanlikna med foliorenta til Norges Bank og P.T KBN-renta (P.T KBN = den flytande renta som Kommunalbanken (KBN) tilbyr på lån til kommunar og fylkeskommunar).

Av figuren ser vi at vår vekta gjennomsnittrente i heile 2025 ligg under P.T KBN-renta. P.T KBN-renta har gått litt ned, medan Rauma kommune si vekta gjennomsnittrente har gått frå 3,61 til 3,83. Dette kjem av refinansiering av eit lån samt redusert styringsrente. Vår vekta gjennomsnittrente ligg framleis rett under foliorenta til Norges Bank.

Årsmelding 2025




Rentestrategi og effekt

Rentestrategien har som mål å redusere kommunen sine rentekostnader over tid, samstundes som risikoen vert halden på eit akseptabelt nivå.

Effekten av strategien må forståast som eit unngått tap, målt mot alternativ finansiering til gjeldande KBN-rente, og ikkje som ein direkte gevinst.

Den månedlege innsparinga har avtatt gjennom året, frå om lag 1,4 millionar kroner i starten av året til rundt 0,9 millionar kroner ved utgangen av året. Dette kjem mellom anna av refinansiering av lån med tidlegare gunstige rentevilkår samt endringar i marknadsrenta.




Grafen nedanfor viser akkumulert innsparing frå juni 2020 til i dag (grøn linje), samt månedleg effekt av rentestrategien (blå linje). Negative verdiar representerer reduserte rentekostnader (positiv effekt), medan positive verdiar indikerer auka kostnader.

Kommunen byrja å oppnå effekt av strategien rundt årsskiftet 2021/2022, og har sidan gitt positiv effekt kvar måned.

Årsmelding 2025

Det er viktig å merke seg at dette ikkje er ein direkte gevinst, men ein unngått kostnad samanlikna med om låna hadde hatt rente basert på KBN (Kommunalbanken). Akumulert har vi spart 50 millionar kroner i rentekostnader.



Rentebindingstid

Rentebindingstida for kommunen sin gjeldsportefølje er 1,10 år per 31.12.2025, mot 1,59 år året før. Dette inneber at ein større del av gjelda er eksponert for renteendringar på kort sikt.

Rentesensitivitet

Årsmelding 2025

Ein auke i renta på 1 prosentpoeng vil isolert sett gi ein auke i rentekostnadene på om lag 5,7 millionar kroner.

Når det vert justert for vidareutlån og sjølvkostområde, er rentesensitiviteten for netto renteesponert gjeld berekna til om lag 4,2 millionar kroner. Dette gir eit meir presist bilete av effekten på kommunen sitt resultat.

Likviditet

Likviditeten i 2025 har vore tilfredsstillande og noko betre enn føregåande år. Trass i tidlegare uvisse knytt til behov for likviditetslån, unngjekk kommunen opptak av slike lån i løpet av året.

Per 31.12.2025 hadde kommunen 12 millionar kroner i ubrukte lånemidlar, der 10,3 millionar kroner var knytte til vidareutlån.

Innskot på høyrentekonto (disposisjonsfond) utgjorde 14,8 millionar kroner ved årsslutt, med ei avkastning på 542 148 kroner i 2025.

Total gjeld

Kommunen si totale gjeld per 31.12.2025 var 995,6 millionar kroner, ein reduksjon frå 1 002,6 millionar kroner året før. Netto rentebærande gjeld utgjer om lag 788 millionar kroner. Kommunen jobbar mot målet om å få netto gjeld ned på landssnittet, som er anslått til 88 %. I 2025 vart **netto gjeld redusert til 94,7 %** av brutto driftsinntekter, ein tydeleg nedgang frå 99,5 % i 2024 og 106,1 % i 2023.

Låneopptak og refinansiering

I løpet av 2025 er det refinansiert fire lån med eit samla beløp på over 400 millionar kroner. Årets nye låneopptak utgjorde 36,1 millionar kroner.

Gjeldssammensetning og nøkkeltal

Lån til vidareutlån er per 31.12.2025 på 72 000 000 kroner. Total lånegjeld fråtrekt lån til vidareutlån utgjer 923 629 620 kroner.

Avdrag i prosent av gjennomsnittleg lånegjeld (totalt fråtrekt vidareutlån) er 4,2 %, noko som tilsvarer ei gjennomsnittleg nedbetalingstid på 23,8 år.

- Del flytande rente: 45,8 %
- Del fastrente: 54,2 %

Årsmelding 2025

- Delen fastrente i prosent av netto renteeksponert gjeld er 54,2 %.
- Vekta gjennomsnittrente var 3,64 % ved utgangen av 2024.
- Vekta gjennomsnittrente per 31.12.2025 er 3,83 % og har dermed gått noko opp.

Det største enkeltlånet per 31.12.2025 er på 139 millionar kroner, som utgjer 13,99 % av samla gjeld. Dette er eit fastrentelån med løpetid til 2027.

Refinansiering og løpetid

- 41,2 % av gjeldsporteføljen forfell innan 12 månader.
- Gjennomsnittleg kapitalbinding er 4,21 år, noko som indikerer moderat refinansieringsrisiko.
- Vi vurderer refinansieringsrisikoen som låg, då kommunesektoren vert rekna som ein trygg og solid betalar.

Finansreglement

Kommunen har i 2025 etterlevd alle krav i gjeldande finansreglement.

Krav i gjeldende reglement	Status
Rammer for opptak av lån: Kommunestyret fatter vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Med utgangspunkt i kommunestyrets vedtak skal det gjennomføres låneopptak, herunder godkjenning av lånevilkår. Kommunens samlede innlån skal forvaltes etter de retningslinjer som framgår av dette reglementet, og i tråd med bestemmelsene i kommunelovens § 14 -14 til 14 -18 om låneopptak	OK
Lån skal tas opp i norske kroner. Lån kan tas opp som direkte lån i offentlige og private finansinstitusjoner, samt i livselskaper. Det er også adgang til å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarkedet. Det kan tas opp lån til refinansiering av eksisterende gjeld. Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.	OK
Kommunen skal søke å finansiere investeringer som kvalifiserer til «grønne lån» med slike såfremt disse er konkurransedyktige og vilkårene anses fordelaktig sammenliknet med ordinære lån.	OK

Årsmelding 2025

Låneopptak skal gjennomføres til markedets mest gunstige betingelser, og det bør innhentes minst 2 konkurrerende tilbud fra aktuelle långivere. Lån kan tas opp som avdragsfrie lån. Lån til årets investeringer kan kortsiktig (dvs. innenfor årsbudsjettperioden) plasseres i bank eller rentefond inntil de skal disponeres. Det kan gjøres unntak i situasjoner hvor kommunen velger å legge ut sertifikat- eller obligasjonslån gjennom å gi en tilrettelegger et eksklusivt mandat. Prinsippet kan også fravikes ved låneopptak i statsbank (f.eks etableringslån i Husbanken).	OK
Styring av låneporteføljen skal skje ved optimalisering av tidspunkt for låneopptak og valg av løpetid. Forfall på lån skal spres over året slik at kommunen til enhver tid har likviditet til å refinansiere lån på forfallstidspunkt.	OK
Refinansieringsrisikoen skal reduseres ved å spre forfallstidspunkt. Maksimum 50 prosent av kommunens samlede gjeldsportefølje kan komme til refinansiering neste 12 måneder. Låneforfallene må fordeles slik at årlige avdrag kan betales.	OK
Gjennomsnittlig vektet løpetid på lånene (tid til forfall) skal være over 1 år for å redusere refinansieringsrisikoen.	OK
Enkeltlån skal ikke utgjøre mer enn 30% av den samlede gjeldsportefølje.	OK
Den beregnede andel av gjelden som er knyttet til utlån, rentekompensasjonsordninger og selvkostområdet skal til enhver tid ligge med flytende rente. Dette er selvfinansierende gjeld hvor rentekostnaden kompenseres med tilsvarende inntekter. Brutto gjeld etter fratrukk av lån nevnt i avsnittet over utgjør netto lånegjeld. Netto lånegjeld fratrukket rentebærende likviditet utgjør netto renteesponert gjeld. Kommunens rentesikring skal kun knyttes til netto renteesponert gjeld.	OK
Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere rentebinding i forhold til oppfatninger om fremtidig renteutvikling og innenfor et akseptabelt risikonivå gitt et overordnet ønske om forutsigbarhet og stabilitet i lånekostnader. Renterisikoen skal reduseres ved å spre tidspunkt for renteregulering.	OK
Andelen av netto renteesponert gjeld som har fast rente over 1 år kan maksimalt utgjøre 80%.	OK

Nøkkeltal

Tabellane nedanfor viser nøkkeltal vi får tilsendt frå vår gjeldsforvaltar BCM.

Nøkkeltal	31.12.2025	31.12.2024	Forklaring
Totalgjeld	995 629 620	1 002 564 371	Viser samla lånegjeld ved utgangen av rapporteringsperioden. Inkluderer alle lån som er førte opp i stamdataoversikta.
Rentebindingstid (år)	1,1 ÅR	1,59 ÅR	Måлтаlet oppgir porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid. Tallet viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjonar i porteføljen er fastsett
Vektet gjennomsnittrente (%)	3,83 %	3,64 %	Måлтаlet oppgir porteføljen si vekta gjennomsnittlege kupongrente. Effektiv rente vil avvike noko. Ved samanlikning med referanserente må det takast omsyn til durasjon og rentesikringsstrategi.
Kapitalbinding (år)	4,21 ÅR	5,30 ÅR	Måлтаlet oppgir porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding. Tallet viser kor lang tid det i gjennomsnitt tek før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalte eller har forfall til betaling. Dess høgare talet er, dess lågare refinansieringsrisiko har porteføljen, alt anna likt.
Andel grønne lån	0	0	Måлтаlet oppgir delen av lån og obligasjonar som har grønn rente

Nøkkeltal	31.12.2025	31.12.2024	Forklaring
Derivat volum (i % av gjeld)	0,00 %	0,00 %	Del derivat (rentebytteavtalar, FRA osv.) i prosent i høve til lånevolumet.

Årsmelding 2025

Rentebinding under 1 år	57,12%	47,11%	Forfall av rentebinding komande år. Dette nøkkeltalet viser kor stor del av porteføljen som har renteregulering innanfor det næraste året.
Kapitalbinding under 1 år	41,18%	27,33%	Dette nøkkeltalet viser kor stor del av porteføljen som forfell innanfor det næraste året.
Rentesensitivitet (1% auke)	Kr. 5 687 382	Kr. 4 723 063	Estimert auke i rentekostnad ved 1 prosentpoeng auke i det generelle rentenivået (total gjeld × rentebinding under 1 år × 1 %). Viser kor mykje porteføljen sine rentekostnader vil auke per år eitt år fram i tid ved ein auke på 1 prosentpoeng i det generelle rentenivået

Nøkkeltal	31.12.2025	Finansreglement	Kontroll
Rentebinding under 1 år	57,12%	-	Inga krav
Rentebinding over1 år	42,88%	Maks. 80%	OK (54,2%)
Vekta rentebindingstid (år)	1,1	-	Inga krav
Kapitalbinding under 1 år	41,18%	Maks 50%	OK
Vekta kapitalbinding (år)	4,21	Over 1,00	OK
Største lån	13,99%	Maks 30%	OK

Årsmelding 2025

Finansreglement	Kontroll
Det kan kun tas opp lån i norske kroner	OK
Det skal hentast inn minst 2 eller 3 konkurrerende tilbud frå aktuelle långivarer	OK
Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall	OK
Lån kan tas opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån)	OK
Det kan leggest ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden	OK
Kommunen kan bruke rentebytteavtalar (renteswap) som rentesikringsinstrument	OK

Oppfølging handlingsregler

Premiss og premissavvik

I kapitlet om oppfølging av mål og satsingsområder på dei ulike tenesteområda er avvik fra disse premissa omtalt.

I kapitlet som omhandla økonomirapportering drift, er avvika i frå budsjett på sentrale inntekter og utgifter samt tjenesteområdene omtalt.

I kapitlet "oppfølging av klima" kommer det frem at vi treng fleire tiltak fremover for å redusere klimagassutslippa som vedtatt i våre planer.

I investeringskapitlet er avvika knyttet til lågare fremdrift enn vedtatt i investeringsprosjekta omtalt. Totalt var finansieringa ikkje tilstrekkeleg på investeringsområdet. Kroner 7 691 666,16 må dekkjast inn i 2026.

Når det gjeld planstrategien så er det å melde avvik i form av forseinkingar på ulike overordna planar:

Teneste-område	Tema	Navn på plan	Sist vedtatt	2024	2025	2026	2027	Status
Alle	12-års plan	Kommuneplanens samfunnsdel	2018	start	vedtak			Forslag sendt på høring i mars 26
Utbygging	Naturmangfald	Kommunedelplan for naturmangfald		start	vedtak			Under arbeid. Planprogram vedtatt mai 2025
Utbygging	Arealplan	Arealdelen av kommuneplanen	2003	start		vedtak		Forsinka, venta oppstart i 2026
Utbygging	Sjøområdeplan		2017		start	vedtak		Forsinka grunna uavklart interkommunal deltaking
Alle	Strategi	Planstrategi 2028-2031	2020				start	

Handlingsregler

Utfordringsbiletet for det økonomiske området er knytt til: Eit høgt gjeldsnivå som reduserer den kommunale handlefridomen, og god tilpassing til endringar i demografien, og utvikling av samfunnet.

19.09.25 i sak PS-66/24 vart det derfor vedtatt handlingsregel for avsetning til disposisjons-fond og nedbetaling av gjeld som lå til grunn for budsjett 25:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren utrede strategier for oppbygging av disposisjonsfond til 4% av brutto driftsinntekter på kort sikt og 7,5% på mellomlang sikt. Nedsalg av Rauma Energi er ikke aktuelt.
2. Hovedstolen av disposisjonsfond skal som hovedregel ikke kunne bevilges brukt til annet enn den automatiske bruk som følger av regnskapsloven ved underskudd i driftsregnskapet.
3. Dersom bruk av hovedstolen vedtas disponert, krever det vedtak med 2/3 flertall, og skal ikke kunne brukes til varige kostnader som øker driftsnivået.
4. I budsjettet for 2025 avsettes minst 6 millioner kroner til disposisjonsfond.
5. Budsjett og økonomiplan skal innrettes slik at brutto gjeldsoptak pr. år, ikke overstiger det gjennomsnittlige avdragsnivået i økonomiplanperioden. Målet er at kommunen skal ha en lånegjeld som ikke overstiger gjennomsnittet for norske kommuner.

Overordna mål	Rauma skal ha ein bærekraftig kommunal økonomi			
Mål	Rauma kommune skal gå med overskot	Ha reserver til å tåle renteauke og uforutsette hendingar	Netto gjeld i prosent av brutto driftsinntekter på landssnitt	Kostnads-effektiv drift
Korleis lykkast	Alle einingar må tilpasse drifta til tildelt budsjett-ramme	Bygge bærekraftig disposisjonsfond	Netto gjeld haldast på eit bærekraftig nivå, og gjelda forvaltast effektivt	Kostnader må synleggjerast og samanliknast i alle tenester
Korleis måle	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter *	Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	Netto gjeld i prosent av brutto driftsinntekter *	Produksjons-indeksar frå TBU
Resultat 2020	-6,4%	0,0%	101,3%	103,7 (2019 tall)
Resultat 2021	-0,2%	0,0%	106,2 %	106,6 (2020 tall)
Resultat 2022	4,3%	0,0%	111,5%	99
Resultat 2023	1,6%	0,9%	106,1%	97

Årsmelding 2025

Resultat 2024	1,0%	1,6%	99,5%	95,5
Resultatmål 2025	3%	6 millionar avsett	102%	110
Resultat 2025	1,1%	2,2% /5,9 millionar	94,7%	Publiseres senere
Ambisjon 2030	Minimum 1,75 %	40 mill.kr. (4%)	Landssnitt (88%)	Over 110

*Kommunekasse tall (tar ikkje med IKS som rapporterast i kommunekonsern talla)

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi meiner at netto driftsresultat bør ligge på 1,75% av brutto driftsinntekter. I 2025 var den 1,1% for Rauma og 1,4% for vår Kostragruppe 1. Målet om avsetning til disposisjonsfond vart nådd, og vi er halvveis til 40 millionar.

Netto lånegjeld er brutto gjeld fråtrekt ubrukte lånemidlar og utlån. Etter innlemming av Rauma Boliger AS og bustadstiftinga i kommunen sin ordinære drift i 2022 og 2023 auka gjelda, men denne er finansiert av husleige. Netto gjelda er på rett veg, men fortsatt over landssnittet. For kommunekonsernet, som inkluderer IKS, er talet 97,8%

Effektiviteten er 95% av landssnittet. Produksjonsindeksen er et samlemål på kommunenes tjenesteproduksjon basert på indikatorer for tenestetilbudet for de ulike sektorer. Ein verdi på produktiviteitsindeksen på 95% indikerer at tenestetilbudet er 5% prosent lågare enn landsgjennomsnittet. Det er i pleie og omsorg og primærhelsetenesta at produktiviteten er lågast, medan kultur og barnevern var høgast i 2024, som er siste måling.

Netto finanskostnader for kommunekassa var på 61,6 millionar kroner som er omlag på nivå med 2024, og utgjør no 6,7% av brutto driftsinntekter mot 7,1% i 2024.

Høg gjeldsgrad gjer oss sårbare for renteoppgang. Men det er gledeleg at den relativt sett er redusert samanlikna med 2024. Sjå eige kapittel om gjeld og finans.

Vi er framleis i ein sårbar økonomisk situasjon med lite reserver, og høg gjeld, derfor må vi oppretthalde streng budsjettdisiplin, og vær moderate i investeringane.

Rauma komme har i perioden 2001 - 2025 vore på ROBEK 9,91 år. Rauma kommune har eit stort behov for å bygge opp ein syklisk buffer, og har innført handlingsreglar som forpliktar både politikarar og administrasjon. Svingingane i kommuneøkonomien er aukande. For å imøtekomme dette er det et behov for å kunne utjamne svingingane i konjunkturane. Før vi har en buffer på 40 millionar vil kommunen vær sårbar, og det krev stor disiplin frå både administrasjon og politikarar for å kome oss igjennom denne perioden.

Kommunen har dei siste par åra klart å gjere seg uavhengig av konsesjonskraftinntektene. Sal av konsesjonskraft bør i framtida vurderast inn i strategien om å bygge opp ein Syklisk buffer med ein handlingsregel som seier at inntekter over 23 øre for sal av konsesjonskraft skal settast av til disposisjonsfond. Dette står også i samanheng med betre kapitalforvaltning og overlevering av ein sunn kommuneøkonomi til neste generasjon.

I tillegg må vi kontinuerleg tilpasse tenesteproduksjonen til dei strukturelle vilkår:

- Demografisk utvikling
- Tilbod av arbeidskraft
- inntektssystemet

Eit døme på dette er at for å kunne tilby det same tenestnivået til brukarane av helse og omsorgstenester i framtida, må vi årleg effektivisere 2%.

Dei finansielle handlingsreglane vedtekne i PS-66/24 er eit svært viktig steg for at Rauma kommune over tid kan etablere seg som økonomisk berekraftig. Handlingsreglane vil, dersom kommunen held seg til desse, sikre at Rauma kommune er i ein finansielt berekraftig situasjon fram mot 2030.

Samlet oversikt

Indikator	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Regnsk
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	4,3	1,6	
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	111,5	106,2	
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	0,0	0,9	
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	4,9	6,1	


Oppfølging av klima

Klimaregnskap

Utsleppsrekneskapsen for Rauma kommune blir publisert årleg av Miljødirektoratet og omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor kommunen sine geografiske grenser.

Eksempel: klimagassutsleppa frå eksosrøyret til ein dieselbil vil vere inkludert under sektoren vegtrafikk, men berre utsleppa som skjer medan bilen køyrer innanfor den geografiske grensa til kommunen.

Årets oppdatering av utsleppsdata for Rauma kommune kom 29.01.2026 og omhandla klimagassutsleppa for perioden 2009-2024. Data viser at Rauma kommune har redusert sitt utslepp med 3% samanlikna med 2023. I perioden har det vore nedgang i seks av åtte kategoriar. Det har vore ein auke i kategoriane "annen mobil forbrenning" og "jordbruk". Den største nedgangen er i kategoriane vegtrafikk med 822 CO₂-ekvivalentar og sjøfart med 582 CO₂-ekvivalentar.



Oppfølging av mål og satsingsområder

Visjon, mål og strategier

”Verdens beste kommune for naturlglade menneske”

Visjonen er heile Raumasamfunnet sin visjon. Den har god forankring lokalt og er godt profilert. Den er inkluderande for alle som bur eller gjester Rauma. Visjonen forpliktar oss i forhold til å ta vare på naturen og vere eit berekraftig samfunn.

Følgjande verdiar er vedteke: **Samarbeidsvillig, Ekte og Raus**. Verdiane seier at vi SER kvarandre og er Samarbeidsvillige, Ekte og Rause. FN sine berekraftsmål skal vere styrande for kommunen sitt arbeid.

Hovudmål	Forklaring
200 innbyggjarar	<ul style="list-style-type: none"> Hovudindikator for eit samfunn si livskraft er utvikling av folketalet Rauma har fødselsunderskot og negativ innanlands flytting. Utanlands innvandring var positiv siste året. Ei utfordring er å auke talet på kvinner
200 arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none"> Målet er netto vekst i talet på arbeidsplassar. Dette legg eit grunnlag for vekst i folketalet. På sikt er talet på arbeidsplassar dimensjonerande for kor mange som vil bo i kommunen Halvparten av veksten bør komme frå vekst i eige næringsliv – resten frå auka utpendling
200 bustadar	<ul style="list-style-type: none"> Godt og allsidig tilbod av bustader og bustadtomter er viktig for vekst i folketalet Kommunen skal ha byggeklare tomter i Måndalen, Åndalsnes, Isfjorden og Åfarnes til ei kvar tid Kommunen vil samarbeide med private om bustadtomter i andre bygdelag

	<ul style="list-style-type: none">• Ei særleg kommunal oppgåve er å bidra til nok omsorgsbustader, utleigebustader, førstegongsbustader og bustader for vanskelegstilte
--	---

Strategiar

- **Samferdsel og regionale ambisjonar:** Ein hovudstrategi for å bli del av ein større bu- og arbeidsmarknad
- **Tilflytting og attraktivitet:** Både for tilbakeflyttarar, norske tilflyttarar og utanlandske innvandrarar må Rauma være attraktivt, med gode jobb- og butilbod – venleg og imøtekommande
- **Næringsliv og arbeidsplassar:** Rauma har eit sterkt næringsliv, men med svak vekst. Omstilling, knoppskyting og nyetableringar blir viktig framover. Potensialet for sysselsetjing og verdiskaping i reiselivet er relativt stort.
- **Lokal samfunnsutvikling og lokaldemokrati:** Ei rekke tiltak er gjort for å gjere Tindehovudstaden Åndalsnes til eit attraktivt senter for heile kommunen. Tilrettelegging for vekst og utvikling i heile kommunen er viktig for å nå kommunen sine mål.
- **Miljø og folkehelse:** Folkehelsearbeidet er grunnleggjande viktig for å bidra til at innbyggjarane kan ha et godt liv i Rauma. Berekraft skal vere gjennomgåande perspektiv.

Måloppnåing: utvikling av organisasjonen

Mål og resultat

Samfunns- og arbeidslivet er i kontinuerleg endring. Globalisering, demografiske endringar, individualisering og teknologisk utvikling stiller stadig høgare krav til innovasjon og nyskaping for å kunne lukkast. Samtidig opplever vi aukande økonomiske og sosiale forskjellar, noko som påverkar både offentlege tenester og samfunnets evne til å sikre likeverdige moglegheiter for alle innbyggjarar.

Utfordringar for kommuneorganisasjonen dei næraste åra:

- **Endra brukarbehov og demografiske utfordringar**
Nye og raske endringar i brukarane sine behov, kombinert med ei aldrande befolkning og redusert tilgang på arbeidskraft, vil utfordre kommuneorganisasjonen. Dette stiller store krav til både rekruttering og kompetanseutvikling for å sikre at tilsette har den nødvendige fleksibiliteten og evna til å tilpasse seg nye arbeidsformer og teknologi
- **Økonomiske og sosiale skilnader**
Auka sosiale forskjellar kan føre til større press på kommunale velferdstenester, spesielt innan helse, omsorg og utdanning. For å møte desse utfordringane må kommunen leggje til rette for meir målretta tiltak og tenester som kan bidra til sosial utjamning og inkludering
- **Omstilling og økonomisk berekraft**
I møte med aukande krav til tenestetilbodet og strammare økonomiske rammer, må kommunen arbeide med omstilling og økonomisk effektivisering. Dette er avgjerande for å sikre ein berekraftig og framtidretta tenesteproduksjon som kan møte innbyggjarane sine behov over tid
- **Interkommunalt samarbeid og deling av ressursar**
Framtida vil krevje langt tettare samarbeid mellom kommunar, spesielt når det gjeld drift og utvikling av tenester som ikkje er avhengige av fysisk nærvær. Dette kan gjelde alt frå administrative funksjonar til spesialiserte helsetenester og digitale løysingar

- **Leiing og organisasjonskultur**

Gode leiarar på alle nivå er avgjerande for å sikre ei vellukka omstilling, høg tenestekvalitet og berekraftig økonomistyring. Leiarskap må vere både strategisk og tilpassingsdyktig, med ein kultur som fremjar innovasjon, samarbeid og medarbeidartilfredsheit

- **Teknologisk utvikling og digitalisering**

Ny teknologi blir ein stadig større del av både innbyggjarkontakt og tenesteproduksjon. Velferdsteknologi er døme på system som kan effektivisere og forbetre tenestene. Digitalisering gjer det også mogleg å utføre fleire oppgåver og funksjonar utan geografiske avgrensingar, noko som opnar for nye former for organisering og samarbeid, både innanfor og på tvers av kommunegrenser. Samstundes må kommunen vere merksam på dei digitale skilnadene i samfunnet, slik at digitalisering ikkje skaper nye barrierar for innbyggjarane

For å møte desse utfordringane må kommuneorganisasjonen vere tilpassingsdyktig, innovativ og økonomisk berekraftig. Dette krev både kompetanseutvikling, tett samarbeid mellom kommunar og ei strategisk tilnærming til teknologi og digitalisering. Samstundes må kommunen sikre at omstillinga ikkje går utover innbyggjarane sine rettar og behov, men snarare legg til rette for eit meir inkluderande og effektivt tenestetilbod for framtida.

Rauma kommune er no i gong med å lage ny samfunnsplan. Samfunnsplanen sine målsetningar vil vere viktig i høve dei utfordringane som er beskrive ovanfor.

Overordna mål	Rauma kommune skal vere ein profesjonell og framtidsretta organisasjon å jobbe i			
Mål	God leiing	Kompetente medarbeidarar	Lavt sjukefråvær	Heiltid
Korleis lykkast	Leiarutvikling og leiaroppfølging	Rekruttere, utvikle og mobilisere tilsette sin kompetanse mot oppgåvene	Auka innsats og fokus på årsakene til sjukefråværet	Organisere verksemdene basert på heile stillingar
Korleis måle	Faktor 5 – Meistringsorientert leiing	Faktor 4 – Bruk av kompetanse	Samla sjukefråvær (Visma HRM – BI)	Tilsette heiltid av totalt tal på tilsette
Resultat 2019			9,34%	44,5%
Resultat 2020	3,6	4,1	8,40%	50,5%
Resultat 2021	-	-	11,21%	52,9%
Resultat 2022	3,8	4,1	8,87%	53,5%
Resultat 2023	-	-	8,60%	53,3%
Resultat 2024	3,7	4,0	7,64%	53,8%
Ambisjon 2025	-	4,3	7,0 %	55%

Medarbeidarundersøking

I 2016 gjennomførte Rauma kommune KS sin første medarbeidarundersøking 10 – Faktor. Undersøkinga byggjer på forskning om kva som er viktige innsatsfaktorar for å oppnå gode resultat i forhold til organisasjonen sine mål og kvalitet på tenestene. Same undersøking blei gjennomført på nytt i 2018,

2020, 2022 og 2024. Leiarar og HTV deltek i opplæring av planlegging, prosess og oppfølging av 10 - Faktor undersøkinga. Dei lokale HMS gruppene har saman med leiarane ei særskilt rolle med gjennomføring av eigne handlingsplanar på tenestnivå og i avdelingane. Ny undersøking blir gjennomført i 2024. Svarprosenten i 2024 var 49,2% noko som er lågare enn ein ønska. Svarskalaen går frå 1 (dårlegast) til 5 (best).

Faktor	Rauma	Kommune N
1.Indre Motivasjon	4,0	4,1
2.Mestringstru	4,1	4,1
3.Autonomi	4,1	4,1
4.Bruk av kompetanse	4,0	4,0
5.Mestringsorientert leiing	3,7	3,8
6.Rolleklarheit	3,9	4,0
7.Relevant kompetanseutvikling	3,4	3,5
8.Vilje til fleksibilitet	4,1	4,2
9.Mestringsklima	3,8	3,9
10.Prososial motivasjon	4,3	4,3

Måloppnåing - Tenesteproduksjonen

Mål

Vedtekne mål for kommunen sin tenesteproduksjon er:

Overordna mål	Rauma kommune skal yte tenester til sine brukarar i samsvar med brukarane sine behov og rettar	
Mål	Brukarane skal ha tilpassa tenester	System sikrar og måler god kvalitet

Tenestekvalitet krev eit internkontrollsystem som måler avvik i høve til fastsette normer og prosessar. Det er oppretta brukarråd for kvart tenesteområde. Desse råda bidreg til å betre brukartilpassing og sikring av tenestekvalitet.

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret viser Rauma sin relative plassering blant landets kommunar når det gjeld «kvalitet og omfang» av tenesteproduksjonen. Tala for 2025 rangeringa er basert på KOSTRA tal i frå 2024. Utviklinga går fram av tabellen nedanfor: Rauma kjem på ein 80. plass i Kommunebarometeret 2025, med resultat som i stor grad kan samanliknast over tid sidan kommunen ikkje har vore del av samanslåingar. Skulesektoren viser framgang i lærarkompetanse, men ligg framleis noko bak dei beste, særleg i ungdomsskulen. Innan helse og omsorg har ein lågare del av heimebuande med demens dagtilbod enn landssnittet. Barnevernet behandlar færre saker innan fristen enn dei fleste kommunar,

medan bemanninga i barnehagane er relativt god. Samstundes er deltakinga i barnehage blant barn med minoritetsbakgrunn lågare enn nasjonalt nivå. Akuttmottaket har gitt nokre utslag på tala dei siste to åra her. Økonomisk ligg Rauma betre enn gjennomsnittet på driftsresultat og gjeld, men har lågare disposisjonsfond og eit høgare investeringsnivå enn mange andre kommunar.

Utvikling kommunebarometeret								Foreløpig	
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring
Totaltabellen - justert for økonomiske	323	211	184	180	174	20	121	80	41
Grunnskole	114	196	160	65	78	41	47	40	7
Pleie og omsorg	274	184	124	78	183	28	238	210	28
Barnevern	347	149	218	279	331	158	241	296	-55
Barnehage	370	244	276	207	195	242	227	292	-65
Helse	367	274	247	57	115	124	191	144	47
Sosial	177	174	15	330	95	38	190	66	124
Kultur	295	215	188	192	255	242	221	263	-42
Klima og natur							6	8	-2
Miljø og ressurser	113	165	120	59	69	11			0
Saksbehandling	42	233	239	88	166	120	95	143	-48
Vann og avløp	125	99	38	35	34	65	49	55	-6
Økonomi	423	373	360	326	305	196	226	183	43
Kostnadsnivå	81	48	259	182	165	79	99	114	-15

Måloppnåing – Samfunnsmåla

Samfunnsplanen sitt handlingsprogram

Overordna mål for Raumasamfunnet vedtatt i Samfunnsplana, er retta mot befolkningsvekst, næringsvekst, regionforstørring og vekst i talet på bustader.

Befolkningsvekst 2025

Utviklingen i folketallet per 1.1:

Per 1.1*	2023	2024	2025	2026	Mål 2030
	7046	7299	7196	7195	7300

*Dette er inklusiv flyktningmottaket i Isfjorden

Ved inngangen til 2025 hadde kommunen ei befolkning på 7 196 personar, og 1.1.2026 var folketallet 7 195. I løpet av 2025 vart det fødd 70 barn, medan 70 personar døydde. Nettoflyttinga gjennom året var på -1. Folketalet auka med 6 personar i løpet av siste kvartal.

Det totale talet på dødsfall var i utgangen av 2025 likt talet på fødselar. Fødselsoverskotet har vore positivt i K1, null i K2 og K3, og negativt i K3. Samla sett vart fødselsoverskotet 0.

Årsmelding 2025

Innvandringa har variert gjennom året. Flest har innvandra i K1 og K4. Totalt har 280 personar innvandra til Rauma. Dette kan henge saman med aktiviteten ved flyktningmottaket i Isfjorden, som og har påverka både inn- og utflytting. Netto innvandring har vore på 240.

Det har ikkje vore så store svingingar i den innanlandske flyttinga i 2025, heller ikkje den innanlandske utflyttinga. Netto innflytting (innanlands) har vore på -241.

Nettoinnflytting, inkludert inn- og utvandring blir dermed -1, der det er innvandringa som utliknar den innanlandske utflyttinga.

Bedriftsvekst

Sysselsette pr. 4.kvartal	2022	2023	2024	2025	Endring 2025
Lokale arbeidsplassar	3321	3416	3408	3413	-5

Statistikken viser ein auke i talet på arbeidsplassar med 5 gjennom 2025, mot ein reduksjon på 8 i 2024.

Regionforstørring

	2022	2023	2024	2025	Endring
Tal utpendlarar til resten av fylket	441	465	446	464	+18

Totalt i 2025 pendla 814 personar ut av kommunen. Av dei 814 personane pendla 464 personar til andre kommunar i fylket. Talet på utpendlarar frå Rauma til andre kommunar i fylket steig med 18 personar i 2025.

Dei kommunane flest pendlar til (i fylket) er følgjande:

- Molde, 262 utpendlar (en auke på 6 personar frå 2024)
- Vestnes, 99 utpendlar (en auke på 12 personar frå 2024)
- Ålesund, 52 utpendlar (en auke på 2 personar frå 2024)

Bustadvekst

	2022	2023	2024	2025	Endring sidan 2019	Mål 2030
Godkjente bueiningar	31	15	16	32	108	200

Talet på godkjente bueiningar i 2025 var 32. Det vart i tillegg godkjent 6 hytter. Bustadbygginga kan svinge mykje frå år til år. Det må byggjast i gjennomsnitt 18 nye bustader kvart år fram til 2030 for å nå målet om 200 nye bustader i perioden 2019-2030 i henhold til gjeldande samfunnsplan. Det er god etterspurnaden etter bustader og tomter.

Kommune-NM (ikkje publisert for 2025)

For å samanlikne samfunnsutviklinga i Rauma med utviklinga elles i landet, kan ein sjå til statistikkgrunnlaget som kvart år blir lagt fram av NHO, kalla Kommune-NM. Her er kommunane rangert innanfor fem ulike område.

	Total	Næringsliv	Arbeidsmarked	Demografi	Kompetanse	Kommune- økonomi
2017	192	106	287	233	125	232
2018	124	88	103	230	121	224
2019	144	86	129	209	176	219
2020	107	53	135	164	148	183
2021	135	42	98	288	133	226
2022	132	49	109	265	167	154
2023	124	52	90	322	165	145
2024	63	41	96	79	173	148

Rauma plasserer seg no på ein 63. plass av alle landets kommunar. Dette er ein framgang på 61 plassar samanlikna med 2023. Kommunen scorar godt på næringsliv og arbeidsmarknad, medan kompetanse, demografien og kommunal økonomi trekkjer ned.

Digitalisering

- Avdelingsvis innlegg på Facebook tilknytt rekruttering for auka merksemd
- LinkedIn innlegg for omdømmebygging og oversikt ledige stillingar (ny funksjon)
- Deltaking i Kompetanseløftet 2.0. – gevinstrealisering ved digitalisering og teknologi, med auka medviten kring yngre medarbeidarers forventningar til bruk av teknologi i jobb
- Omlegging til skybasert løysning på vårt administrative hovedprogram for økonomi og lønn; Visma
- Oppdatering plan & build – nye forløp for seksjonering og oppmåling
- Nytt FDV-system for veg og park (Safecontrol FDV)
- Nytt FDV-system vatn og avlaup (KDV System)
- Aktiv bruk av KI i tenesta (Samfunn)
- Teknisk oppgradering og trådløs dekning ved alle kommunale barnehagebygg
- Større investeringar i digitalt utstyr ved skolane og i barnehagane
- Det er i barnehage gjennomført innkjøp i forhold til rulleringplan og supplering av PC
- Opplæring og utbetring i forhold til universell utforming
- Prosjekt knytt til bruk av KI for å slette/fordele e-postar og i neste omgang automatisere innregistrering/journalføring. Vart avslutta
- Prosjekt saman med politiske sekretariat i Molde for å prøve å innføre KI i forbindelse med politisk saksbehandling (og som en forlenging, i vanlig saksbehandling). Vart avslutta
- Implementering av Momentum Helserefusjon – system for kvalitetssikring og oppfølging av saker vedrørande særleg ressurskrevjande brukarar

- Anbud, innkjøp og førebuing i forhold til innføring av nytt dataprogram i barnevernet. Mobulus v/Netcompany innførast våren 2025
- Fasa ut LMS – Skooler- i 2024. Vil i samarbeid med dei andre Romsdalskommunane sette opp automatisert klasseteams innan hausten 2025 som erstatning
- Tilgjengelighetserklæringer fra Feide-leverandører er en kontinuerlig prosess og oppdateres årlig
- Skulane sine sider under kommunens heimeside har oppdatert informasjon og det er lagt på ein knapp som gjer at brukarar kan melde frå om skulemiljøsaker direkte på nettsida
- Starta innføringa av MERkompetanse som gir kommunen moglegheit til å gjennomføre digital læring til alle våre tilsette

Internkontroll

Kommunelova § 25-1 fastset at kommunar og fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgde. Kommunedirektøren har ansvaret for at internkontrollen er systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Internkontrollen skal mellom anna omfatte: a) ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering b) nødvendige rutinar og prosedyrar c) avdekking og oppfølging av avvik og risiko for avvik d) dokumentasjon av internkontrollen i nødvendig form og omfang e) evaluering og forbetring av skriftlege prosedyrar og andre tiltak

I slutten av 2024 starta Rauma kommune eit større arbeid med å utvikle eit nytt, overordna internkontrollsystem. Arbeidet er viktig både for å oppfylle lovkrav og for å styrke kommunen si evne til kontinuerleg forbetring. I 2025 har det vore nytta mykje tid på opplæring av overordna internkontroll, her med spesielt fokus på ROS – analyse og handlingsplan. Store delar av organisasjonen har gjennomført ei overordna ROS – analyse med fokus på lovpålagde tenester og at ein oppfyller HMS-krava. Basert på desse analysane har ein utarbeida handlingsplanar. I dette arbeidet har aktuelle leiarar, tilsette, verneombod og tillitsvalte hatt ei viktig rolle.

Ei anna viktig hending i 2025 var at Rauma kommune og ROR-samarbeidet inngjekk ei avtale om felles nytt kvalitetsstyringssystem frå Compilo. Innføringa starta hausten 2025 med utrulling og opplæring i modulane Avvik og Dokumentbibliotek. Det vidare arbeidet i 2026 vil omfatte oppbygging av mappestrukturar, revisjon av eldre rutinar/prosedyrar/planverk og utrulling av nye modular som ROS og Eigenkontroll. Med innføringa av Compilo som nytt kvalitetssystem har ein gjennomført omfattande opplæring i avvikshandtering i organisasjonen. Det er i målsetting at dette skal medverke til ein positiv forbetningskultur i heile organisasjonen.

Ei systematisk internkontroll er ei lovfesta oppgåve. Internkontrollen skal avdekke svakheiter og manglar, sørge for utbetringar og førebygge uønskte hendingar. Vidare skal den gi kommunedirektøren og kommunestyret nødvendig informasjon som gjer at dei kan fatte avgjersler på rett grunnlag. Kommunedirektøren vil framover orientere om status for arbeidet med overordna internkontroll i tertialrapportane. Årsrapporten vil vise kva som er gjort i løpet av året, og kva område som krev ytterlegare forbetring.

I ROS–analysen har ein fokus på lovpålagte tenester og HMS. Det er krevjande å kome med ei klar oppsummering då ikkje heile organisasjonen hadde kapasitet til å gjennomføre ROS-analysen i løpet av 2025. Det resterande vil bli gjort i perioden april til juni 2026. I tillegg vil hendingar kring lovpålagte

tenester variere frå verksemd til verksemd. HMS er i stor grad likt for alle verksemdar og hovudfunn vil bli presentert her.

Ein ser at vald, trugsel og liknande er eit tema i mange fleire verksemdar. Ikkje nødvendigvis for at dei har opplevd det, men grunna det kan være fare for at det skjer. Vi ser at det å arbeide med forbetningsarbeid, her til dømes avvik, er noko som har forbetningspotensial. Mange av ROS-analysane er derimot gjennomført før innføring av Compilo. I samband med dette innføring var avvik satt på dagsorden, og det ble gjennomført opplæring for alle tilsette. Truleg vil difor avvikskompetansen vere større no enn det som kom fram i dei tidlegare ROS-analysane.

Vi ser også at fleire verksemdar ikkje har kontinuitetsplanar. Dette er planverk som vert nytta ved til dømes beredskapshendingar som straumbrot, ekstremver og liknande. Einskilde verksemdar ser også risiko ved at det er mykje omstillingar over tid. Andre områder er til dømes arbeidsrelatert stress, støy, krevjande å rekruttere og mangel på kompetanse.

I etterkant av utarbeiding av ROS-analysen blir det laga ein handlingsplan for å sette inn tiltak for å redusere sannsyn og konsekvens knytt til dei hendingane som er gul eller rød. (bør vi bruke andre ord her?)

Melding av avvik er eit viktig verktøy i arbeidet med overordna internkontroll i høve å systematisk arbeide med kvalitetsutvikling og HMS-arbeid. Eit målretta og kontinuerleg arbeid med avvik, risikovurderingar, rutiner og fagleg kvalitet er avgjerande for å oppnå ein organisasjon som utviklar seg i takt med behov, endringar og krav frå myndigheitene. Det er eit kontinuerleg behov for opplæring og bevisstgjerings på alle nivå i organisasjonen om avviksregistrering, behandling av avvik og bruk av prosedyrar.

Meldte og lukka avvik (kvalitet)

Avvik Kvalitet	Meldte avvik	Ikkje starta	Starta	Fullført
2020	394	156	20	218
2021	381	28	20	333
2022	350	121	29	200
2023	534	20	14	500
2024	1003	258	95	650

Avvik Kvalitet	Meldte avvik	Under behandling	Fullført
2025 Triangel (før 18.okt)	736	17	719
2025 Compilo (etter 18.okt)	219	16	203
=	955	33	922

Tala frå 2025 viser ei auke i talet på avvik. Avvika auka spesielt etter innføringa Compilo. Kommunedirektøren ser det positivt at avvika aukar og legg til grunn at dette ikkje skuldast i realiteten fleire avvik, men at terskelen for å melde avvik har blitt lågare.

Kommunen sine tenesteområde

Politisk styring og kontrollorganer

Beskriving av tenesteområde

Leiar for området er ordførar Yvonne Wold. Arbeidet blir støtta med sekretærbistand frå sentraladministrasjonen og tenestekjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet.

Politisk organisasjon

Kommunestyret i Rauma har etter kommunestyre- og fylkestingsvalet hausten 2023 til saman 27 representantar, fordelt på desse gruppene:

- Sosialistisk Venstreparti – 12
- Høyre – 3
- Senterpartiet – 5
- Arbeiderpartiet – 2
- Framstegspartiet – 4
- Industri- og næringspartiet – 1

Ordførar er Yvonne Wold (SV) og varaordførar Jan Peter Valde (Sp).

Møteverksemd

- I 2025 hadde kommunestyret sju ordinære møte. I tillegg hadde kommunestyret to eigne temadagar om eigarstyring, samfunnsplan og budsjett. Alle møta var med ordinært fysisk oppmøte.

Årsmelding 2025

- Kommunestyret behandla 62 politiske saker og 13 spørsmål og interpellasjonar.
- Kommunestyret er generalforsamling i Rauma Energi. I 2025 vart det gjennomført eitt møte i generalforsamlinga.
- Formannskapet hadde sju ordinære møte i 2025, og to ekstraordinære møte. Formannskapet behandla 69 politiske saker.
- Utval for plan og forvaltning hadde sju møte i 2025, med 53 behandla saker. Utvalet behandla og to interpellasjonar.
- Kontrollutvalet hadde seks møte i 2025 og behandla 46 saker.

Kommune TV - overføring av kommunestyret sine møte

Møta i kommunestyret vart som vanleg sendt direkte på kommunen sin nettstad. Frå og med møtet 7. mai har og formannskapet sine møte verte direkte sendt.

Åndalsnes Avis lenker og til desse sendingane. Etter møte er opptaka tilgjengelege på kommunens nettstad. Tala under syner både direktevisningar og visning av opptak.

År	2021	2022	2023	2024	2025
Visningar*	7048	4639	5470	4990	7355

* Tal på direktevisningar og arkiv samanlagt

Overordna mål

Dei overordna måla er gitt i samfunnsplana

Viktige hendingar

Saker

Nokre av dei største og viktigaste sakene som vart behandla av dei politiske organa i kommunen i 2025, var:

- Busetting av flyktningar
- Sluttbehandling – Detaljregulering Fuglehaugen hyttefelt
- Samarbeidsavtale Helseplattformen – kommunalt oppgåvefelleskap mellom eigarkommunane
- Felles tenesteskildringar for kommunale helse- og omsorgstenester
- Planprogram kommuneplanens samfunnsdel 2025-2037
- Klage – sluttbehandling Fuglehaugen
- Tilstandsrapport skole 2025
- Eigarstrategi Rauma Energi AS
- Framtidig organisering av brann- og redningstenesta i Rauma
- Prinsipiell tilslutning til bompengefinansiering av sikring og utbetring av fv. Trollstigen
- Tertialrapportar

Årsmelding 2025

- Høyring om reduksjon i rutetilbudet på buss
- Etablering av nytt felles destinasjonsselskap for Møre og Romsdal
- Rammer og plan for investeringar i økonomiplanen for 2026-2029
- Samarbeidsavtale mellom Den kulturelle skolesekken i Møre og Romsdal
- Detaljregulering Romsdal zipline
- Varslingsplakat og rutinar for varsling i Rauma kommune
- Revisjonen av smittevernplanen
- Eigarskapsmelding 2025
- Gjelds- og finansreglement
- Tilstandsrapport barnevernstenesta
- Handlingsprogram for anlegg for idrett og fysisk aktivitet med prioritering for spelemidlar 2026
- Prestegårdstomta boliger
- Budsjett og økonomiplan 2026-2029
- Tilskot til veterinærdekning
- Deltaking i Interregionalt samarbeid om beitedyr og jerv – Innlandet, Møre og Romsdal og Vestland

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap		Revidert Rekneskap budsjett 2025		Avvik i kr
	2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	
Politisk styring	4 227	4 183	4 283	4 350	-67
Kontroll og revisjon	1 459	1 482	1 482	1 774	-292
Tilrettelegging og bistand for næringsliv	-78	-60	-60	-64	4
Kino	0	0	0	-13	13
Sum	5 609	5 605	5 705	6 046	-341

Kommentar til status økonomi

Sentrale politiske organ kom ca. på budsjett. Dei andre nemnder, utval m.m. fekk til saman eit meirforbruk. Hovudgrunnen til meirforbruket skuldast at det var ikkje teke tilstrekkeleg omsyn i budsjettet knytt til valavvikling.

Totaloversikt drift - fordelt på kontogruppar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Lønn	3 352	3 615	3 615	3 382
Sum Lønn	3 352	3 615	3 615	3 382
Drift	1 198	1 005	1 105	2 314
Kjøp av produksjon	1 148	1 050	1 050	505
Overføringer	3 448	2 680	2 680	2 879
Finansutgifter	4 239	0	0	4 025
Sum Utgifter	10 032	4 735	4 835	9 724
Brukerbetaling	0	0	0	-28
Refusjoner	-430	-235	-235	-493
Overføringer	-2 723	-2 400	-2 400	-2 822
Finansinntekter	-4 622	-110	-110	-3 717
Sum Inntekter	-7 775	-2 745	-2 745	-7 059

Årsmelding 2025

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Netto resultat	5 609	5 605	5 705	6 046

KOSTRA Nøkkeltal

	Rauma 2024	Rauma 2025	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
Prioritet				
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	194	211	185	
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	601	550	559	

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Sentral administrasjon

Beskriving av tenesteområde

Leiing og organisering

Sentraladministrasjonen blir leia av kommunedirektøren. Området er delt i to funksjonsområde med kvar sin leiar:

- Organisasjon og service – Kristian Skålhavn
- Økonomi, plan og finans – Mette Rye

Området har om lag 21 faste årsverk, derav 2,58 årsverk tillitsvalde. I tillegg kjem løn til lærlingar. Ei rekke felleskostnader høyrer til området. Kjøp av tenester frå andre kommunar til drift av IKT-tenester via ROR IKT og kjøp av tenester frå ROR Innkjøp. I tillegg kommer kostnader til felles forsikringar og kjøp og sal av konsesjonskraft, og endelig avrekning av pensjonskostnader, premieavvik og bruk av pensjonsfond.

Det vart i 2025 styrka ressursen på løn (mellombels) og omdisponert frå plan/budsjett til rekneskap for å handtere etterslep.

Overordna mål

Området har det overordna ansvaret for at hovudmåla for kommunen si verksemd blir nådde. I tillegg skal stab- og støttetjenestene ha høg kvalitet.

- Bidra til auka kompetanse innan økonomi og organisasjon/personal på ulike leiarnivå.
- Handtere finansielle avgjerder og kraftsal i eit urolig marknad.
- Støtte og drive omstillingsprosessar knytte til effektivisering, digitalisering og sikring av tenester.
- Koordinere plan og budsjettprosessar på ein god måte
- Utvikle effektive interkommunale samarbeid innan stab- og støttetjenester.
- Betene ei kompleks organisering med eit stort tal ulike tenester som skal samordnast og leverast med god kvalitet, samstundes som tenestene skal moderniserast og effektiviserast.

Måloppnåing:

Vi har mellom anna gjennomført:

- Tverrfaglege leiarsamlingar med felles fokus, kompetanseheving, utvikling av verktøy, utprøving og erfaringsdeling med utgangspunkt i kommunen sitt overordna HMS-årshjul, samt arbeidsgjevarpolitikk
- Opprette lokale HMS-grupper på alle verksemder, med døme på samarbeidsområde og innhald i årshjul
- Utvikla hjelpematerialar for oppfølging av sjukefråvær, rekruttering og HMS-arbeid
- Organisasjonen har utarbeidd oppdatert arbeidsgjevarpolitikk, livsfaseorientert politikk og AKAN-politikk
- Organisasjonen har hatt fokus på ein raud tråd i kompetanseplan, behovsanalyse og utlysingstekst i rekruttering
- Organisasjonen har styrkt arbeidet med omdømmebygging med intensjon om å behalde og rekruttere medarbeidarar
- Månadsrapportar og tertialrapporteringar på økonomi
- Analyser og saksbehandling, plan- og budsjettarbeid
- Prosessarbeid knytt til samfunnsplan
- Starta arbeidet med overordna rekruttering- og kompetansestrategi

I tillegg kjem løpande stab- og støtteoppgåver.

Viktige hendingar

- Anbudsprosess knytt til Compilo (kvalitetssystem). Mot slutten av året vart Compilo tatt i bruk, og det vart gjennomført opplæring for heile organisasjonen. Det ble gjort gjennom bruk av MER-kompetanse.
- Arbeid med samfunnsplanen på ulike møtearenaer gjennom heile året
- Lansering av Rauma snakker
- Innføring av kommunalt beredskapsråd
- Det vart gjennomført anskaffing av arbeidsklede til delar av tenestene
- Ekstremværet Amy
- Personopplysningar på avveie som vart raskt handtert
- Oppretting av varslingssekretariat vedtatt i kommunestyret 06.11.25 i PS-69/25
- Tok i bruk systemet Framsikt til rapportering på økonomi og årsrapport samt dialog ved budsjett og økonomiplan
- Oppstart arbeid med ny Samfunnsplan

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025				
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Politisk styring	132	0	0	233	-233
Kontroll og revisjon	0	0	0	35	-35

Årsmelding 2025

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025				
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Administrasjon	30 064	36 640	36 920	35 511	1 409
Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltnin	134	0	0	335	-335
Administrasjonslokaler	141	0	0	380	-380
Årets premieavvik	0	0	0	29	-29
Amortisering av tidligere års premieavvik	0	5 000	4 200	16 397	-12 197
Pensjon	198	342	5 122	182	4 940
Premiefond	-29 772	0	0	-50 169	50 169
Diverse fellesutgifter	1 274	464	464	43	422
Førskole	3 007	269	269	3 571	-3 302
Grunnskole	3 402	269	269	1 837	-1 568
Styrket tilbud til førskolebarn	563	0	0	665	-665
Voksenopplæring	242	0	0	18	-18
Skolefritidstilbud	493	0	0	692	-692
Førskolelokaler og skyss	95	0	0	291	-291
Skolelokaler	528	0	0	1 594	-1 594
Aktivitetstilbud barn og unge	44	0	0	78	-78
Forebygging - helsestasjons- og skolehels	893	0	0	860	-860
Annet forebyggende helsearbeid	194	0	0	258	-258
Aktivisering og servicetjenester overfor	194	0	0	279	-279
Diagnose, behandling, re-/habilitering	1 467	0	0	1 671	-1 671
Råd, veiledning og sosialt forebyggende a	758	0	0	1 304	-1 304
Tilbud til personer med rusproblemer	123	0	0	255	-255
Barneverntjeneste	624	0	0	935	-935
Barnevernstiltak når barnet ikke er plass	97	0	0	106	-106
Barnevernstiltak når barnet er plassert a	86	0	0	35	-35
Helse- og omsorgstjenester i institusjon	5 851	1 353	1 353	7 166	-5 813
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboen	0	35	35	0	35
Hjemmetjenester i bofellesskap/omsorgsboliger med base	7 130	0	0	8 299	-8 299
Hjemmetjenester – ambulerende virksomhet til hjemmeboende	4 184	638	638	5 566	-4 929
Institusjonslokaler	442	0	0	1 235	-1 235
Kommunalt disponerte boliger	102	0	0	211	-211
Introduksjonsordningen	134	0	0	123	-123
Økonomisk sosialhjelp	7	0	0	10	-10
Plansaksbehandling	567	0	0	1 019	-1 019
Byggesaksbehandling og seksjonering	842	0	0	1 211	-1 211
Kart og oppmåling	880	0	0	1 436	-1 436
Konsesjonskraft, kraftrettigheter og anne	-4 825	-965	-965	-722	-243
Tilrettelegging og bistand for næringsliv	1 223	1 147	1 147	1 211	-64
Landbruksforvaltning og landbruksbasert n	184	0	0	549	-549
Kommunale veier	536	0	0	1 518	-1 518
Rekreasjon i tettsted	93	0	0	459	-459
Forebygging av branner og andre ulykker	4	0	0	6	-6
Beredskap mot branner og andre ulykker	63	0	0	13	-13
Produksjon av vann	106	0	0	327	-327
Distribusjon av vann	212	0	0	621	-621
Avløpsrensing	102	0	0	304	-304
Avløpsnett/innsamling av avløpsvann	206	0	0	602	-602
Tømming av slamavskillere, septiktanker o	22	0	0	111	-111
Innsamling, gjenvinning og sluttbehandli	26	0	0	76	-76
Naturforvaltning og friluftsliv	41	0	0	117	-117
Bibliotek	160	0	0	118	-118
Kino	52	0	0	67	-67
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	218	0	0	511	-511
Musikk- og kulturskoler	262	0	0	311	-311
Andre kulturaktiviteter og tilskudd til a	146	0	0	195	-195
Kommunale kulturbygg	95	0	0	210	-210
Kirkegårder, gravlunder og krematorier	83	0	0	247	-247

Årsmelding 2025

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025		Rekneskap 2025		Avvik i kr
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	
Sum	34 127	45 192	49 452	50 550	-1 099

Kommentar til status økonomi

Sentraladministrasjonen hadde eit samla meirforbruk i året. Dette skuldast mellom anna meirforbruket i høve bruk av ekstern bistand (konsulent og juridisk) og auka kostnader til lisensar, tenestekjøp som fjernarkivering og ulike abonnement. Nokre områder hadde mindreforbruk, men dette var ikkje nok til å kompensere for dei samla kostnadsaukingane. Eingongskostnad grunna etterbetaling tillitsvalte på 200 000 medverka til avviket. I tillegg vart enkelte inntekter lågare enn forventa, mellom anna frå konsesjonskraft. Samla sett førte desse forholda til at sentraladministrasjonen gjekk ut av året med eit meirforbruk.

Totaloversikt drift - fordelt på kontogrupper

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Lønn	20 340	27 594	32 374	32 750
Refusjon lønn	-438	-200	-200	-175
Sum Lønn	19 902	27 394	32 174	32 575
Drift	7 376	5 763	5 763	7 430
Kjøp av produksjon	13 177	14 292	13 772	12 355
Overføringer	12 495	17 366	17 366	6 966
Finansutgifter	0	0	0	585
Sum Utgifter	33 048	37 421	36 901	27 335
Brukerbetaling	-15 117	-17 353	-17 353	-12 768
Refusjoner	-3 615	-2 270	-2 270	3 761
Overføringer	-46	0	0	-293
Finansinntekter	-46	0	0	-60
Sum Inntekter	-18 823	-19 623	-19 623	-9 360
Netto resultat	34 127	45 192	49 452	50 550

KOSTRA Nøkkeltal

	Rauma 2024	Rauma Kostragruppe 2025	Landet 01 uten Oslo	
Prioritet				
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	99,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner *)	888	898	859	756
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,0 %	1,0 %	1,0 %	0,9 %
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr *)	910	393	251	
Dekningsgrad				
Konfirmerte i prosent av 15-åringer (B)	74,7 %	72,6 %	62,9 %	51,4 %

Økonomi

Årsmelding 2025

Frie inntekter i kroner per innbygger (*) (**))	71 012	75 762	75 695
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,4 %	1,0 %	1,4 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger *)	131 813	126 527	110 765
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	102,4 %	97,8 %	91,3 %


*) Inflasjonsjustert med deflator

**)) Justert for utgiftsbehov

Kultur

Beskriving av tenesteområde

Eining for kultur har sine arbeidsplassar ved Rauma kulturhus. Rauma musikk- og kulturskole har desentralisert virksomhet, og har i tillegg undervisning ved mange av skolane i kommunen. Tjenesteområdet ledes av kultursjef Hanne Brakstad.



Eining for kultur

Tjenesteområdet leias av kultursjef Hanne Brakstad. Området har pr i dag 11,5 årsverk, inkludert kulturskolen sine 4,4 årsverk.

Kulturutviklinga er tett knytta til samfunnsutviklinga, og det er med det sers viktig med samhandling og samarbeid på tvers av fag, einingar og ulike aktørar; vi har eit sers godt samarbeid med mellom anna Tindesenteret, Nordveggen, Reinheimen Nasjonalpark, frivillige lag og foreiningar, det generelle kulturlivet i kommunen, det regionale kulturlivet i fylket, næringsliv og reiselivsnæringa. Og sjølvsagt dei øvrige einingane i Rauma kommune.

Eininga består i av Kommunalsjef Kultur, kinosjef, daglig leder for Det Umulige Huset (DUH), ansvarlig for barn og unge samt utleie av kommunale idrettshallar, leiar for Rauma frivilligsentral, arrangementsansvarleg Rauma kulturhus, teknisk Rauma kulturhus, biblioteksjef Rauma Folkebibliotek, konstituert rektor ved Rauma musikk- og kulturskole, kulturassistentar som er knytt til kino og arrangement, og kulturskolelærarane innan fleire fagfelt.

I tillegg vil eg nemne at Rauma kulturhus har ca 20 kulturhusvener som er frivillig ved alle arrangement ved Rauma kulturhus. Dei er kulturhuset sitt vertskap, dei er brannvakter, dei kontrollerer billetter og ivaretek publikum på ein sers god måte.

Årsmelding 2025



Rauma musikk- og kulturskule driv desentralisert undervisning og har fast undervisning hos alle barneskulane i kommunen. Lærarane i kulturskulen er høgt utdanna innanfor fleire kunst- og musikkfag.

Rauma folkebibliotek fungerer, i tillegg til å være kommunen sitt folkebibliotek, også som skulebibliotek for Åndalsnes barneskole og Åndalsnes USK. Rauma folkebibliotek er i nokon grad hjelpt med prosjektstillingar i korte periodar, men utfordringa med for lav bemanning er fortsatt gjeldande, og biblioteket har behov for fast og føreseielege ressursar. Ifølge statistikk frå SSB ligg Rauma Folkebibliotek nest nedst i tal tilsette pr innbyggjar i Møre og Romsdal med 7196 innbyggjarar pr tilsett, og 4. nedst på landsbasis.

Rauma Frivilligsentral har ein dagleg leiar i 100 % stilling. Leiar er plassert i Kultureininga, med kultursjef som leiar. Rauma Frivilligsentral har egne vedtekter. Rauma Frivilligsentral drifta mellom anna BUA utstyrssentral.

Det Umulige Huset

Det Umulige Huset har som mål å bli den råaste, beste og rausaste møteplassen i verda. Ved å transformere gamle Åndalsnes kino, skal me gje ungdom i regionen ein plass dei kan finne sin indre magi gjennom sosialt fellesskap og kreativ utfolding! Ideen vart første gong presentert for Rauma formannskap og Partnerskap for naturglede i mars -24. Det vart fort klart at prosjektet hadde brei støtte i lokalsamfunnet, politisk og i næringslivet. Eit forprosjekt finansiert av Rauma kommune med tilskot frå tre lokale bankar vart satt i gang, med mål om å finne den beste eiger- og organisasjonsforma og kjøpe bygget.

- I april gav Kraftfondet og Rauma Næringslag 500 000kr kvar til realisering av prosjektet.
- 6.juni vart Det umulige huset AS oppretta. Eit ideelt selskap eigd av Rauma kommune, Rauma Næringslag og Raumarock.
- I oktober signerte Rauma kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune ein samarbeidsavtale om eit deltagende forskningsprosjekt.
- 12. desember vedtok eit einstemmig kommunestyre å inngå leigeavtale med DUH AS. I tillegg vart det løyva 3 mill kr over tre år i investeringstilskot og 500 000kr i prosjekteringsmidlar. Det vart også oppretta ei 60% stilling til prosjektet, underlagt kultureininga. Same dag vart Partnerskap for ungdom oppretta etter initiativ frå Rauma Næringslag. Ei samling lokale bedrifter som gjev eit årleg bidrag til DUH AS. Til saman gjorde dette at DUH AS hadde tryggleik til å kjøpe bygget den 30.12.24 for 2.1 mill kr, og starte på arbeidet med å utvikle Det Umulige Huset.

Overordna mål

Overordna mål – samfunn	Rauma kommune skal sammen med målgruppa utvikle et bredere tilbud til barn og unge, med spesielt fokus på aldersgruppene 14 –20 og 20 –30 år.
Tilflytting og attraktivitet	
Resultatmål 2025	<ul style="list-style-type: none"> • Økt deltaking av brukargruppen • Et breiare og meir mangfaldig tilbod • Alle barn og unge skal ha et tilbod de ønsker å delta på • Utvikle fleire eigenorganisert aktivitet innan kultur, idrett og friluftsliv • Hensiktsmessige bygg og anlegg

Måloppnåing:

I prosjektet DUH er det arbeid godt med målgruppa 14 - 20 år. Det Umulige Huset starta med eit ønske om å utvikle ein møtestad for unge i Rauma. I dag, berre to år etter oppstarten, er ungdommane tett med leiar og næringsliv med hva DUH skal inneholde. Dei utforskar og tek i bruk nye metodar for involvering og inkludering – og vi har tatt involvering av dei unge på alvor. Det tette samarbeidet med lokalt næringsliv er heilt spesielt. Det samme er samarbeidet med fylkeskommunen som forsker på involveringsprosessen.

Det Umulige Huset har som mål å bli den råaste, beste og rausaste møteplassen i verda. Ved å transformere gamle Åndalsnes kino skal me gje ungdom i regionen ein plass dei kan finne sin indre magi gjennom sosialt felleskap og kreativ utfolding!

Vårt mål er at dei unge kjem tilbake til Rauma etter utdanninga si eller flytter tilbake til Rauma med familien sin, vel vitande om at i Rauma, der tek deg godt vare på dei unge, og gir dei ei god ungdomstid og trygg ungdomstid.

- Tilbodet til barn og unge er både breiare og meir mangfaldig med Det Umulige Prosjektet, der ungdommane sjølv står for produksjon og innhald til ei framsyning.
- Vi har årlege tilskotsmidlar “Ung kunst og kultur” frå Møre og Romsdal Fylkeskommune som skal styrke kulturfeltet for barn og unge. Midlane blir nytta til ulike tiltak og aktiviteter rette mot barn og unge.
- Rauma kommune har eit breitt og mangfoldig fritidstilbud for barn og unge. Ved prosjekt Det Umulige Huset og Det Umulige Prosjektet, er breidden av tilbod blitt enda betre, og kulturtilbodet til dei unge har blitt styrka, noko som er synleg i KOSTRA-rapporteringa for 2025
- Hensiktsmessige bygg og anlegg. Det Umulige Huset er eit godt høve på eit hensiktsmessig bygg som skal utviklast på dei unge sine premisser og behov.
- UKM, DKS og Ung Kunst og Kultur er no ein meir integrert del av DUH og DUP. I tillegg er dei to ungdomsklubbane i Måndalen og på Nordsida ein del av samarbeidet med DUH.

Overordna mål – Næringsliv og arbeidsplasser	Rauma kommune vil arbeide for å samordne aktuelle reiselivs - aktører og arbeide for at Rauma, Åndalsnes og Romsdal skal videreutvikles til en sterk og tydelig reiselivsdestinasjon –basert på natur- og kulturbaserte
--	---

opplevelser, gode servicetilbud, godt vertskap og kvalitet i alle ledd.	
Resultatmål 2025	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide tett med Nordveggen om reiselivsutviklingen i Raumasamfunnet • Arbeide aktivt i tråd med Besøksstrategien • Utvikle «kulturisme – produkter» • Utvikle attraktive, helårlege kulturtilbud. • Utvikle «kulturisme-produkter» i hele Raumasamfunnet

Måloppnåing:

- Utvikle attraktive, heilårlege kulturtilbod. Det er god puls i kulturlivet i Rauma, og mange av dei frivillige laga arrangerer kulturaktivitetar gjennom heile året - i heile kommunen. Eit tiltak for å sette dei frivillige i stand til å utvikle attraktive kulturtilbod, er mellom anna å dele ut kulturtilskot etter søknad.

Overordna mål – tjenestene	<ul style="list-style-type: none"> • Kulturskolen skal være en ledende kulturskole innen kvalitet, mangfold og tverrfaglig virksomhet. Kulturskolen skal gi tilbud til alle barn og unge som ønsker opplæring innen kunst og kultur, og styrke elevenes estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse • Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljø skal forvaltes og ivaretas som brukerressurser og som grunnlag for opplevelse og videreutvikling av fysiske omgivelser • Rauma kulturhus skal ha en sentral plass i utviklingen av Rauma som lokalsamfunn og kulturkommune • Rauma folkebibliotek skal videreutvikles til et moderne og fremtidsrettet bibliotek • Rauma frivilligsentral skal stimulere det frivillige organisasjonslivet til inkludering av alle, uten hensyn til utfordringer og bakgrunn. • Kultur skal være en viktig faktor i kommunens reiselivs- og næringsutvikling • Det skal være et rikt kirkelig liv med mange uttrykksformer • Rauma kommune skal sammen med målgruppa utvikle et bredere tilbud til barn og unge, med spesielt fokus på aldersgruppene 14 –20 og 20 –30 år.
Resultatmål 2025	<ul style="list-style-type: none"> • Arbeide systematisk med utvikling av fagfeltene

Måloppnåing:

Rauma musikk- og kulturskole er ein skole i kontinuerlig utvikling. og utvikling av fagfelte er sentral. Rauma musikk- og kulturskole er ein liten kulturskule med 4.4 årsverk og ein 40% stilling som rektor. Innanfor desse ressursane har vi mellom anna arbeidd med;

- Prosjektsamarbeid mellom SFO og kulturskolen for å styrke SFO i Åndalsnes barneskule
- Rekrutteringsprosjektet PULSE for 100 barneskuleelevar
- Rekruttering hos alle skulane i kommunen
- Deltaking på UKM



Måloppnåing: organisasjon:

Overordna mål – Organisasjon	SER Samarbeidsvillig - ekte - raus
Resultatmål 2025	<ul style="list-style-type: none"> • Kontinuerlig arbeid for å ta vare på og utvikle arbeidsmiljøet • Gjennomføre strategisk kompetanseutvikling • Gjennomføre ROS-analyse • Gjennomføre tiltak knytt til vernerunden

Måloppnåing:

Arbeidsmiljø

Einheit for kultur har gjennomført eit arbeidsmiljøtiltak gjennom BraAstero i 2024, der alle medarbeidarane deltok. Dette har gitt eit positivt resultat, og medarbeidarane melder at dei har hatt god nytte av prosjektet. Arbeidsmiljøet i eining for kultur kan beskrivast som positivt og med utviklingsorienterte medarbeidarar.

HMS-gruppa fungerer godt, og her jobbes det kontinuerlig med arbeidsmiljø og utvikling av dette. Vi har mellom anna innført prosjekt #råbra medarbeider, der vi løfter fram medarbeidarar som er ein #råbra kollega.

ROS-analyse for brannvern og for eining for kultur er gjennomført.

Vernerunde gjennomført og tiltak er gjort.

Overordna mål – Økonomi	Regnskap i balanse
Resultatmål 2025	<ul style="list-style-type: none"> Regnskap i balanse

Måloppnåing;

Reknskapet til kultur gikk i balanse. Sjå kommentar om teknisk justering av rekneskap frå investering til driftsrekneskap der budsjettet ligg til investering.

Overordna mål – Bærekraft	Bærekraftig reiseliv
Resultatmål 2025	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføring av tiltak i besøksstrategien

Måloppnåing:

Det har ikkje vore ressursar til å arbeide med besøksstrategien i 2025. Men det er gjort tiltak i tråd med strategien på Romsdalseggen tilsvarande 3 millionar kroner som besto av utbetring og vedlikehold av stien, sti-vakt og vertskap i samarbeid med Norsk Tindesenter.

Overordna mål – Digitalisering	Digitalisere booking av alle kommunens utleielokaler
Resultatmål 2025	<ul style="list-style-type: none"> Undersøke hvilke systemer som finnes på markedet

Måloppnåing;

Det er undersøkt og komen fram til at det ikkje er hensiktsmessig å innføre digital av kommunale idrettshaller.

Viktige hendingar

Viktige hendingar tenesteområde Kultur

Det er viktig for tenesteområde kultur å vær relevant og tydeleg i Rauma kommune, men også å være ein tydeleg aktør regionalt og nasjonalt. Det gjør vi gjennom tett samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, medlemskap og styremedlemskap i NOKU og medlemskap i KS sitt kulturnettverk. i Dette nettverka blir vår stemme hørt i aktuelle saker som er viktig å løfte fram for ein kommune av vår størrelse, og møtestadane er viktige læringsarenaer og arena for nye nettverk. Noko som er sers viktig for oss. Kompetanse henta frå nettverk kjem Rauma kommune sine innbyggjarar til gode.

Dei fleste av kultur sine satsingar spring ut i frå tilskotsmidlar som vi søker på. Vi søker på tilskot både frå private og offentlege aktørar, og det blir søkt på midlar som harmonerer med våre målsettingar. Fleire av tilskota er resultat av samarbeid på tvers av einingar i kommunen og øvrige aktørar og frivillige i kommunen. Saman får vi ein stor meirverdi i prosjekta og strategiane våre.

Kultursjef

- Spelemidlar. Det er stor aktivitet hos lag og foreiningar i kommunen, og det blir no søkt på mage spanande prosjekt, mellom anna søker Isfjorden IL om Takoverbygg på Isbana og turnhall i Eidsbygda. Den store aktiviteten heng saman med kommunen sin økonomiske støtte til lag og foreiningar ved spelemiddelsøknadar, mellom anna forskottering av spelemidlar og kommunal garanti.

Årsmelding 2025

- Friluftslivets år 2025!
- Friluftsliv: Mottok støtte frå GASSROR (kr. 1050 000), Miljødirektoratet (kr. 600 000), og Thonstiftelsen (kr. 650 000) for å gjennomføre utbetring av stien over Romsdalseggen med vekt på Romsdalstrappa men også utbedring på Venjedalssida. I tillegg ble det gjort ein sårbarhetsanalyse av Romsdalseggen.
- Kulturprisen blei delt ut til Leif Johnny Olestad.
- Krigsminnet som sto på Nebba blei flytta til kirketomta/byparken før 8. mai markeringa 2025.
- Kultur har bidratt inn i arbeidet med ny Samfunnsplan som skal vedtakast i 2026.
- Vi har stort fokus og sterk satsing på arbeidsmiljø i tenesteområde Kultur.
- Prosjekt styrking av kreative næringar saman med Nordveggen og med hjelp av tilskot frå Møre og Romsdal Fylkeskommune

Rauma folkebibliotek

- Digihjelp: Rauma kommunestyre sikra i budsjettsaka hausten 2025 at ordninga med Digihjelp no er ei fast ordning i Rauma.
- Mottatt tilsegn på kr 60.000 frå Fritt Ord. Midlane nyttast til formidlingar i Rauma folkebibliotek innanfor tematikken "Litterær beredskap".
- Superlånkortet: Eit nytt tilbod til 1. klassingar i kommunen.
- Litteraturhus Møre og Romsdal er eit samarbeid mellom Bjørnsonfestivalen og Nynorsk kultursentrum, som har til formål å gi heile fylket gode litteraturopplevingar. Rauma folkebibliotek får minimum tre arrangement per år gjennom denne ordninga. I tillegg arrangerer Rauma folkebibliotek eigne formidlingsarrangement gjennom heile året, og er ein sentral formidlings- og demokratiaktør i Rauma kommune.

Det Umulige Huset/DUP 2025

- Gjennomført UKM-stimuleringsprosjekt med fokus på å rekruttere nye deltakarar
- DUH tek initiativ til og bistår i oppstarten av UngMulig – ei frittstående ungdomsforeining med føremål å skape aktivitet for ungdom i Rauma.
- Vi opnar Det Umogelege Kontoret – prosjektkontor og open møteplass for ungdom i sentrum av Åndalsnes.
- Vi set i gang eit storstilt forskings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. 350 lokale ungdommar deltok i eit designdriven innovasjonsprosjekt over 7 dagar med mål om å utvikle Det Umogelege Huset. Arbeidet la grunnlaget for at arkitektane kunne utarbeide romdiagram og skisse til innhaldet i bygget. Forskingsarbeidet blir presentert i ein fagfelleverdert artikkel i juni 2026.
- Teikning og prosjektering av bygget med utgangspunkt i involveringsarbeidet.
- SBM og SpareBank 1 gav 1 million kroner kvar i tilskot til DUH.
- UngMulig og DUH tek initiativ til den regionale ungdomskonferansen VIFRA.
- Det vart søkt Lotteri- og stiftelsestilsynet om tilskot til å opprette DUH frivilligsentral frå januar 2026. Søknaden vart innvilga.
- Nordenfjeldske Bykredittstiftelse gav 200 000 kroner i tilskot til DUH.
- Det Umogelege Huset var tema i samarbeidsmøtet for Romsdal IPR. Samarbeidet mellom kommune, næringsliv og frivilligheit i Rauma er ein inspirerande modell for utvikling av liknande tilbod i heile regionen.
- VIFRA-konferansen samlar 300 ungdommar og beslutningstakarar frå alle kommunane i Romsdalen.
- Det Umogelege Huset mottar 3 millionar kroner i tilskot frå GassROR IKS.

Årsmelding 2025

- Vi gjennomfører rap-skrivekurs og konsert i samarbeid med artisten Son of Light, Sødahlhuset, DKS og UKM.
- DUH er med i det tverrsektorielle arbeidet med to omfattende søknader til Bufdir.
- 2,4 millionar kroner i tilskot frå Kulturrom til etablering av to øvingsrom, eit dansesal og eit scenerom i DUH

Vi går inn i 2026 med 11 millionar kroner i ubrukte midlar til realisering av DUH, nesten ferdig prosjektert til rammesøknad og klare til å starte opp DUH Frivilligsentral.

Rauma musikk- og kulturskole

- Det ble søkt på og invilga tilskot på kr 130 000 der kulturskolen og sentrumsskulane i fellesskap arbeider for å styrke faginnhaldet i SFO. Dette er eit 3 års prosjekt.
- Det er fast undervisning kvar onsdag av elevar på Åndalsnes barneskole. Dette er positivt for både elevar og kulturskolen. Det er to lærarar som er med i denne ordninga
- I samarbeid med Åndalsnes skolekorps blei det arrangert PULSE for 100 barneskoleelevar. PULSE er eit rytme- og blåseprosjekt for unge, og var eit ledd i å rekruttere unge til kulturskole og korps.
- Rekrutteringskampanje hos alle skolane i kommunen.
- Oppstart av song- og kortilbod i 2025

Åndalsnes Kino

- 7280 besøkande fordelt på 279 visningar og 108 titlar ,
- Oppstart av dagkino i samarbeid med Rauma Frivilligsentral
- Oppstart av superlørtdag samman med Rauma folkebibliotek ein gong i månaden
- Utekinno med filmen Trango ved Tindesenteret for 400 stk. i samarbeid med Norsk Tindemuseum. Ein storstilt førestilling med høg kvalitet støtta av Kraftfondet, Tinde sparebank og Eventsystem

Rauma Kulturhus

2025 vart eit år prega av breitt samarbeid, høg aktivitet og stort engasjement ved Rauma kulturhus. Gjennom året har vi jobba målretta for å berike kulturlivet i kommunen i tett samarbeid med lokale aktørar og frivilligheita.

- Spectacular Spectacular gjennomførte sitt siste show våren 2025, og sette punktum for ein populær og fleirårig produksjon.
- Isfjorden skule sette opp musikal ved kulturhuset, og dette markerte starten på det som er meint å bli ein årleg tradisjon.
- Raumarevyen, Åndalsnes Storband og Anita Nyhagen leverte framsyningar for fulle salar og stor publikumsglede.
- I haustferien vart RaumaCon arrangert for første gong, med over 200 deltakarar og eit breitt program som trefte både unge og vaksne.
- Gjennom samarbeid med Norsk Fjellfestival fekk vi tilført både føredrag og sceneshow som utvida tilbodet på sommaren og nådde nye publikumsgrupper.
- Christelfondet bidreg årleg med varierte føredrag av høg kvalitet, noko som blir sett pris på av publikum.

Tala for billettsal viser ein tydeleg vekst frå 2020 til 2024, med ein reduksjon i 2025 samanlikna med rekordåret 2024. Nivået i 2025 ligg likevel betydeleg høgare enn tidlegare år, og viser jamt høg bruk av kulturhuset.

Omsetninga ved Rauma kulturhus har hatt ei jamn og positiv utvikling over fleire år. I 2025 held omsetninga seg på om lag same nivå som i 2024, noko som indikerer stabil drift og god økonomisk styring.

Samla sett viser 2025 at Rauma kulturhus har eit breitt og relevant tilbod, god publikumsopplutning og stabil økonomi. Samarbeid med lokale aktørar, skular og festivalar bidreg til å styrke kulturtilbodet i kommunen og gir grunnlag for vidare utvikling av verksemda.

Barn og unge samt utleie

UKK – **Ung Kunst og Kultur** er ein 4 årig samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune, der Rauma kommune mottok kr 150 000 frå fylket, og pengane skal nyttast til å styrke kunst- og kulturtilbod for unge i Rauma.

- **UKM/DUP** fekk UKM-stimuleringsmidlar til å gjennomføre eit PR-prosjekt saman med ungdommen og Anunatak for å auke deltakinga til UKM. Det vart brukt nokre midlar frå UKK til gjennomføring av dette prosjektet.
- **UKM Rauma** – workshop fredag og showdag laurdag – det vart brukt pengar på mat som samlande arena for dei unge.
- I haustferien vart det sett opp gratis teiknekurs/Manga-kurs for barn og unge 10–20 år. Kurset var fullteikna med 25 unge. Rauma folkebibliotek har ei forholdsvis stor og svært populær samling av Manga (japansk teikneserie), og vi ønskte å byggje opp under denne interessa. Det var òg eit samarbeid med biblioteket i Molde.
- Hausten 2025 vart det søkt og innvilga midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune til eit prosjekt via «Det umulige prosjektet» som skal gi unge i aldersgruppa 13–20 år ei moglegheit til å stå på ulike typar scener lokalt i Rauma. Vi fekk innvilga kr 77 000 til dette prosjektet. I november 2025 vart det gjennomført skrivekurs med «Son of Light» og DJ-kurs med Malin Ødegaard over tre dagar. Dette bygde opp mot ein gratis ungdomskonsert med «Son of Light» og Malin Ødegaard på Sødahlhuset. Dette prosjektet held fram til november 2026.

UKM – Ung Kultur Møtes

- UKM/DUP (Det umulige prosjektet) fekk UKM-stimuleringsmidlar til å gjennomføre eit PR-prosjekt saman med ungdommen og Anunatak for å auke deltakinga til UKM.
- UKM vart gjennomført i mars 2025. Det var over 40 deltakande ungdommar både på og bak scena. Hovudvekta ligg på musikk og kunst, som også er dei faga vi tilbyr i kulturskulen. Men vi hadde òg innslag frå flinke turnarar og filmvisning. Det blir jobba med å rekruttere breiare

innanfor ulike kunst- og kulturuttrykk, også blant frivillige lag og organisasjonar. På grunn av vakanse i kulturavdelinga vart det leigd inn ressurs i 20 % stilling i éin månad for å gjennomføre dette.

- UKM nasjonalt jobbar for å styrkje UKM som den kulturelle møteplassen det er. Rauma har hausten 2025 jobba med samarbeid med fleire aktørar for å gjere UKM meir tilgjengeleg for fleire her lokalt.
- UKM i Rauma har òg saman med Ungdomsrådet bidrege til at det vart søkt og innvilga midlar frå Ungdomspanelet i Møre og Romsdal fylke på slutten av 2025, til innkjøp av eit mobilt aktivitetssett som kan brukast til arrangement av og for unge.

DKS – Den Kulturelle Skolesekken

- Alle skular 1.–10. trinn i Rauma har hatt besøk av DKS gjennom skuleåret 24/25 og 25/26. Både besøk frå dei faste turnéane som kjem via Møre og Romsdal fylke, men det vart òg bestilt inn Laug og verkstader i den lokale kulturelle skulesekken, der elevane sjølve er medverkande i kva som blir valt. Rauma kommune får årleg ein pott med spelemidlar til den lokale kulturelle skulesekken, som så blir fordelte til skulane etter elevtal pr. skuleår. Hausten 2025 vart budsjettet for DKS flytta frå Skule til Kultur.

UTLEIE AV IDRETTSHALLER OG SAMFUNNSHUS

- Gjennom 2025 har vi arbeidd med ny avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om leige av Raumahallen for RVS, saman med Driftsavdelinga
- Medio 2025 gjekk vi over til å bruke eksisterande ROM-kalendrar i Outlook for oversikt over utleige i Raumahallen, Isfjordshallen, Åndalsnes symjehall, Åndalsnes samfunnshus og Isfjorden samfunnshus. Løysinga vart til i eit samarbeid mellom kulturavdelinga, som har ansvar for utleige, driftsavdelinga og ROR IKT.
- I slutten av 2024 vart det forhandla fram og vedteke lågare pris per time for trening for barn og unge under 19 år. Dette kan sjåast i fakturerte inntekter til idrettshallane i 2025. Det er viktig at Rauma kommune legg til rette for at flest mogleg barn og unge kan delta i den frivillige, organiserte idretten, sett i eit folkehelseperspektiv.

Rauma Frivilligsentral Frivilligsentralen har som oppgåve å styrke lokalsamfunnet, stimulere frivillig arbeid og vere bindeledd mellom kommune og innbyggjarar. Aktivitetar skaper fellesskap, førebygger einsemd og aukar livskvaliteten i kommunen.

- Besøksventeneste: Vi har 15 besøksven-par i 2025; styrker sosial kontakt og førebygger einsomhet .
- Møteplassen – seniorkafe : Ukentleg møteplass for sosialt samvær og aktivitet for eldre.
- BUA Rauma: Gratis utlån av utstyr; 1667 utlån i 2025 og stor bredde i utstyr.
- Eldredagen: Arrangert med tema god helse og fikk svært gode tilbakemeldinger.
- Eldreuka: Foredrag og møteplasser i samarbeid med biblioteket; videreføres i 2026.
- Juleaksjonen Ønsketreet: Over 100 gaveønsker ble oppfylt i samarbeid med ALTI, NAV og mottakssenteret.
- Dagkino: Månedlig sosialt lavterskeltilbud for eldre i samarbeid med kulturhuset.
- TV-aksjon: Sentralen koordinerte lokalt arbeid og frivillige.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Revidert Rekneskap budsjett 2025				
	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Diverse fellesutgifter	51	96	96	114	-18
Aktivitetstilbud barn og unge	753	1 330	1 330	1 184	147
Aktivering og servicetjenester overfor	538	357	357	46	310
Tilrettelegging og bistand for næringsliv	0	550	550	481	69
Naturforvaltning og friluftsliv	122	109	109	41	67
Kulturminnevern	-374	2	2	19	-17
Bibliotek	1 667	1 642	1 642	1 721	-80
Kino	37	8	8	191	-182
Muséer	431	220	220	437	-217
Kunstformidling	123	60	60	99	-39
Idrett og tilskudd til andres idrettsanle	402	516	516	451	65
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	-354	-325	-325	662	-987
Musikk- og kulturskoler	2 820	2 896	2 896	2 487	408
Andre kulturaktiviteter og tilskudd til a	2 452	2 430	2 495	2 662	-166
Kommunale kulturbygg	1 198	994	994	1 096	-102
Sum	9 876	10 885	10 950	11 690	-741

Kommentar til status økonomi

Kultur hadde i utgangspunktet et samla mindreforbruk i 2025, men pga en rekneskapsteknisk sak, der utgift på kr 1million er flytta i frå investering til driftsbudsjett ga tilsvarande ekstra kostnad i driftsrekneskapen som er årsaken til meirforbruket.

Av dei ulike områda var:

1833 Ungdomsrådet : Et lite merforbruk. Bakgrunnen for dette er todelt; det er ikke budsjettert for servering til møtene, samt at det var et etterslep av honorar fra 2024 i regnskapet 2025.

2810 Rauma musikk- og kulturskole : Et underforbruk pga vakant stilling deler av året.

2820 Kulturhus

Aktivitetstilbud barn og unge: Underforbruk pga vakant stilling deler av året

Bibliotek : Et lite mindreforbruk

Kino

Et meirforbruk pga for lave kino/billett og kioskinntekter. Samtidig er det tatt grep knytt til kostnader og inntekter. Vi har mindreforbruk på innkjøp av kioskvarer, lågare bemanningskostnader og kostnader til filmleie, auke i prisene på billetter og kioskvarer. Likevel er meirforbruket totalt på vel 218 000. Vi fortsetter med kostnadskontroll og fokus på meir sal og lågare kostnader

Andre kulturaktivitetar og tilskot: Balanse

Kommunale kulturbygg

Et lite meirforbruk på vel 48 000. Husleigekostnadene har et meirforbruk på 181 000. Leigeinntektene aukar, og vi har nå større inntekter enn budsjett.

2830 Kultur

Et lite underforbruk totalt sett på kr 43 000.

Frivilligsentralen: rekskap i balanse.

Oppsummering tiltak

Kulturbudsjettet er stramt, og i år så blir vi "berget" av vakante stillingar deler av året. Aktiviteten er i det store og hele finansiert med tilskott.

Abonnement, husleige og faste kostnader aukar for kvart år. Det er dyrare å hyre inn formidlarar.

Vi har over fleire år slitt med for låge inntekter i kino og aktivitet i kulturhuset. Vi arbeider kontinuerlig med kostnadskontroll og har fokus på inntekter. Dei aukar år for år, og vi har stor aktivitet på kulturhuset. Biblioteket har også starta opp med formidlingar med inntekt, noko som hjelper på inntektssida. Prisene aukast i takt med prisindeksen kvart år.

Totaloversikt drift - fordelt på kontogrupper

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025
Lønn	8 408	9 208	9 208	8 981
Refusjon lønn	-316	0	0	-47
Sum Lønn	8 092	9 208	9 208	8 934
Drift	8 612	5 088	5 088	8 186
Kjøp av produksjon	46	0	200	152
Overføringer	3 546	2 134	2 134	4 422
Finansutgifter	1 308	0	0	1 199
Sum Utgifter	13 512	7 222	7 422	13 959
Brukerbetaling	-4 642	-4 509	-4 509	-5 308
Refusjoner	-4 121	-1 037	-1 037	-3 536
Overføringer	-2 198	0	-135	-851
Finansinntekter	-767	0	0	-1 508
Sum Inntekter	-11 728	-5 545	-5 680	-11 203
Netto resultat	9 876	10 885	10 950	11 690

KOSTRA Nøkkeltal

	Rauma 2024	Rauma Kostragruppe 2025	Landet 01 uten Oslo	
Prioritet				
Aktivitetstilbud barn og unge brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	297	278	260	
Bibliotek brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	282	302	393	
Produktivitet				
Besøk per kinoforestilling (antall)	24,7	26,2	19,1	18,8
Kommunale idrettsbygg Areal per bruker (m2)	0,9	0,9	0,6	0,6
